

FORVALTNINGSREVISJON

SULA KOMMUNE

Arbeid mot fattigdom

Endelig rapport

april 2025

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eigarane. Hovudkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontora i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidligere rapporter fra Møre og Romsdal Revisjon SA kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrevisjon.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling fra kontrollutvalget i Sula kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevision RSK 001.

Rapporten summerer opp resultatene fra Møre og Romsdal Revisjons SA sin undersøkelse om bekjemping av fattigdom i Sula kommune. Revisjonen er utført av Ingvild Bye Fugelsøy og Terje Gundersen i perioden januar til mai 2025.

Vi ønsker å takke alle som har bidratt til denne forvaltningsrevisjonen.

Sted, 09.05.2025

Terje Gundersen	Ingvild Bye Fugelsøy
Oppdragsansvarleg revisor	Forvaltningsrevisor

SAMMENDRAG

FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet i Sula kommune, og har som formål å undersøke korleis kommunen arbeider med å førebygge og motverke fattigdom. Revisjonen er strukturert rundt tre problemstillingar:

1. Har Sula kommune kunnskap om innbyggjarane sine levekår?
2. Sikrar Sula kommune at unge vaksne og barn og unge i låginntektsfamiliar får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?
3. Har Sula kommune heilsakaplege tiltak som førebyggjer eller avgrensar fattigdom?

METODE

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført som ei kvalitativ undersøking, der målet har vore å vurdere i kva grad Sula kommune arbeider systematisk og målretta med å førebygge og redusere fattigdom blant barn, unge og unge vaksne.

Datainnsamling

Undersøkinga byggjer på kombinasjon av dokumentanalyse og intervju, og er strukturert etter tre avgrensa problemstillingar som gjenspeglar kommunens kunnskapsgrunnlag, tiltak og samordning.

Avgrensing

Revisjonen er ikkje ein full gjennomgang av økonomiske støtteordningar og ein har ikkje gjennomført eigen spørjeundersøking eller intervju med brukarer (barn, unge eller foreldre), noko som kan avgrense forståinga av opplevd tilgjengeleghet i tenestene.

PROBLEMSTILLING 1 – KUNNSKAP OM LEVEKÅR

Har Sula kommune kunnskap om innbyggjarane sine levekår?

Kommunen har ei oppdatert folkehelseoversikt og eit breitt datagrunnlag om levekår. Folkehelsearbeidet er politisk og administrativt forankra. Ut frå tankegangen om inkludering ser kommunen på fattigdom som eit område dei har med.

Likevel ser vi at fattigdom ikkje er definert som eige innsatsområde, og det manglar indikatorar og rutinar for å registrere økonomisk sårbarheit i tenestene.

Kunnskapen blir i liten grad brukt aktivt i styring, prioritering og målretta tiltak mot fattigdom.

Vurdering

Revisjonskriteria er delvis oppfylte. Kommunen har data, men nyttar ikkje innsikta systematisk i tenesteyting og planarbeid

PROBLEMSTILLING 2

Sikrar Sula kommune at unge vaksne og barn og unge i låginntektsfamiliar får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

Kommunen har fleire tiltak som bidreg til betre levekår, inkludert NAV-tenester, økonomisk rettleiing og samarbeidsprosjekt som *Ung meistring*. Frivillige organisasjoner bidreg også sterkt.

Det blir avdekkja i intervju at ein manglar ein systematisk innsats retta mot unge vaksne mellom 18–25 år som er i risiko for å falle utanfor.

Kommunen har ikkje eigne rutinar for å fange opp økonomisk sårbare barn og familiar i skule og barnehage.

Vurdering

Revisjonskriteria er delvis oppfylte. Det blir gjort mykje bra, men innsatsen er lite strukturert og ikkje tilstrekkeleg målretta.

PROBLEMSTILLING 3

Har Sula kommune heilskaplege tiltak som førebyggjer eller avgrensar fattigdom?

Det er etablert tverrfagleg samarbeid gjennom BTI og SLT, og det er gode samarbeidsrelasjonar internt og med frivillige. Samarbeidet mellom tenestene ser ut til å fungerer i mange tilfelle, men om lag halvparten av dei tilsette veit ikkje korleis dei skal melde frå om økonomisk bekymring.

Etter at kulturleiarstillinga vart avvikla, har oppgåvene blitt flytta til andre tilsette og slik ivaretak kommunen behova til frivilligheita.

Vurdering

Revisjonskriteria er delvis oppfylte. Strukturen finst, men det er rom for vesentleg styrking av rutinar og koordinering.

KONKLUSJONAR

Problemstilling 1: Har Sula kommune kunnskap om innbyggjaranes levekår?

Sula kommune har eit godt overordna kunnskapsgrunnlag om levekår gjennom folkehelseoversikta, som er oppdatert og breitt samansett. Oversikta gir innsikt i forhold som påverkar barn og unges oppvekstvilkår, og arbeidet er forankra politisk og administrativt.

Samstundes er fattigdom ikkje eit eige innsatsområde, og informasjon om økonomisk utsette grupper blir i liten grad brukt i utforming av tiltak. Det finst ikkje rutinar i tenestene for å registrere økonomisk sårbarheit eller å identifisere familiar som treng støtte. Kunnskapen som finst på systemnivå, blir i avgrensa grad omsett til førebyggande tiltak i det daglege arbeidet med brukarar. Revisjonen vurderer at kommunen har delvis oppfylt krava til kunnskap og bruk av kunnskap om levekår.

Problemstilling 2: Sikrar Sula kommune at unge vaksne eller barn- og unge i familiar med låg inntekt får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

God forankring av arbeidet både administrativt og politisk er framheva som viktige faktorar for å lukkast i arbeidet med fattigdom. Sula kommune har vedtatt mål som indirekte handlar om tiltak i arbeid med fattigdom. Vår vurdering er at det i mindre grad er vedtatt konkrete tiltak i arbeidet med dei ulike måla. Sjølv om tiltak i mindre grad er omhandla i planar er det sett i verk en rekke tiltak.

Vår vurdering er att kommunen og frivilligheita utfyller kvarandre i arbeidet med mange kommunale mål. Sjølv om det gjerast mykje bra er det viktig å legge merke til bekymringa for dei unge som er over i vidaregåande skole, og at det her etter vår vurdering bør følgjast opp med tiltak for å nå denne gruppa ungdom.

I tanken om at brukarane skal bli meir sjølvhjelpe, er vår vurdering er at det er positivt med ei forventningsavklaring på kva innbyggjarane må klare sjølv og kva kommunen kan bidra med. Vår vurdering er at kommunen i større grad kan tilby opplæring i personleg økonomi og økonomisk rettleiing og gjere denne tenesta meir kjent blant innbyggjarane.

Problemstilling 3: Har Sula kommune heilskaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom?

Sula kommune har etablert samarbeidsstrukturar som BTI og SLT, og det er dokumentert samarbeid med frivillige organisasjonar som bidreg til sosiale støtteordningar. Desse tiltaka har potensial for å verke førebyggjande, men revisjonen viser at samhandling mellom tenestene kan bli betre forankra i kommunen med felles forståing. Mange tilsette manglar kunnskap om kven dei skal kontakte ved bekymring for økonomiske forhold, og tilgang til felles verktøy varierer.

Frivilligheita er viktig for Sulasamfunnet og er med på å hindre utanforskap, og sikre inkludering. Når kommunen ikkje lenger har kulturleiar, som tidlegare har hatt ei koordinerande rolle mot

frivilligheita, er det viktig at oppgåvene mot frivilligheita som no er fordelt på andre fortsett å bli ivaretatt.

TILRÅDINGAR

Vi tilrår kommunen å vurdere følgande tiltak:

Tilråding problemstilling 1 - Oversikt over levekår

- Utvikle rutinar for sjekkliste og registrering av økonomi som levekårsfaktor i tenestene i arbeidet med tidleg innsats
- Arbeide for at informasjon om ungdom og unge voksne over 18 år sine levekår blir nytta i arbeidet med å bekjempe fattigdom
- Styrke analysearbeidet rundt folkehelseoversikta for å vidareutvikle kunnskap om årsak og verknad av fattigdom

Tilråding problemstilling 2 - Tiltak og verknad

- Prioritere råd og rettleiing i større grad slik at innbyggjarar vert sjølvhjelpe
- Synleggjere og avklare innbyggjarane sine forventningar til kommunale tenester, inklusiv kva sosialstønaden skal dekke.
- Tiltak for å fange opp unge over 18 år som fell utanfor skole og/eller arbeid
- Målrette arbeidet mot fattigdom
- Følgje opp og evaluere dei tiltak som er iverksett mot fattigdom

Tilråding problemstilling 3 -Samhandling/samarbeid

- Vidareutvikle allereie etablert samarbeid og ha fokus på kompetansedeling.

INNHOLD

2	INNLEDNING	1
2.1	Bakgrunn og bestilling.....	1
2.2	Problemstillinger	1
2.3	Revisjonskriterier.....	1
2.4	Metode.....	2
2.5	Kort om fattigdom	5
3	PROBLEMSTILLING 1 – OVERSIKT OVER LEVEKÅR	8
3.1	Revisjonskriterier	8
3.2	Funn.....	8
3.3	Vår vurdering	12
4	PROBLEMSTILLING 2 – TILTAK OG VERKNAD	14
4.1	Revisjonskriterier	14
4.2	Funn – Kommunale planar og strategiar	14
4.3	Funn – Kommunale tiltak.....	16
4.4	Funn – Frivilligheita i Sula	22
4.5	Kommunen si eigenvurdering	25
4.6	Vår vurdering	27
5	PROBLEMSTILLING 3 – SAMHANDLING/SAMARBEID	29
5.1	Revisjonskriterier	29
5.2	Funn.....	29
5.3	Vår vurdering	31
6	KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR.....	32
7	FAKTASJEKK OG HØYRING	34
8	REFERANSELISTE	35
	VEDLEGG 1: HØYRING	36
	VEDLEGG 2: UTLEDNING AV REVISJONSKRITERIER	37
	VEDLEGG 3: KORT OM INNHALDET I KOMMUNALE TEMAPLANER	41
	VEDLEGG 4: SULA KOMMUNE – ADMINISTRATIV ORGANISERING.....	47
	VEDLEGG 5: FOLKEHELSA I SULA KOMMUNE 2024	48
	VEDLEGG 6: ENDRINGAR AV OPPGÅVER FRÅ KULTURLEIAR	I

1 INNLEDNING

1.2 BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet i Sula kommune bestilte i møte 13.11.2024, i sak 25/24, eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om bekjemping av fattigdom. Bestillinga ble gjort med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon 2024–2027, som vart vedteken i kommunestyret i møte 03.10.2024, i sak 068/24.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet utarbeidde Møre og Romsdal Revisjon SA ein prosjektplan, som kontrollutvalet handsama i møte 12.02.2025, i sak 05/25. Prosjektet er gjennomført i samsvar med prosjektplanen.

Formålet med undersøkinga er å gjere greie for om Sula kommune har sett i verk tiltak for å bekjempe fattigdom blant innbyggjarane i kommunen.

1.3 PROBLEMSTILLINGAR

Vinklingane for denne prosjektplanen er tredelte. Den første problemstillinga handlar om i kvar grad Sula kommune har skaffa seg kunnskap om levekår og fattigdom i kommunen. Den andre problemstillinga dreier seg om kva planar og tiltak kommunen har, både på kort og lang sikt, for å bekjempe fattigdom. Den tredje problemstillinga fokuserer på korleis kommunen samhandlar internt og eksternt i arbeidet med å motverke fattigdom. Følgjande problemstillingar er valde for prosjektet:

1. Har Sula kommune kunnskap om innbyggjarane sine levekår?
2. Sikrar Sula kommune at unge vaksne og barn og unge i låginntektsfamiliar får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?
3. Har Sula kommune heilsakplege tiltak som førebyggjer eller avgrensar fattigdom?

1.4 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier skal utarbeidast for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt og er dei normer, krav eller standardar som verksmeda i kommunen skal vurderast opp mot.

Problemstilling 1: Har Sula kommune kunnskap om innbyggjaranes levekår?

Kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune skal ha oppdatert innsikt i innbyggjaranes sine levekår og oppvekstforhold (Folkehelselova) som inneholder faglege vurderinger av årsaksforhold og konsekvensar av blant anna låg inntektsproblematikk.
- Sula kommune skal bruke kunnskapen om levekår og oppvekstforhold til å iverksette målretta tiltak.

Problemstilling 2: Sikrar Sula kommune at unge vaksne eller barn- og unge i familiar med låg inntekt får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

Kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune bør gi målretta tiltak som på kort sikt reduserer dei økonomiske og sosiale konsekvensane av fattigdom for barn, unge og unge vaksne.
- Sula kommune bør ha langsiktige strategiar mot låg inntekt som del av sitt planverk.
 - Dette kan vere strategiar for å auke deltaking i utdanning og arbeidsliv blant unge vaksne
 - Dette kan vere strategiar for å sikre ein stabil bustad situasjon for unge vaksne
- Sula kommune bør ha tiltak som bidreg til at unge vaksne er sjølvstendige.

Problemstilling 3: Har Sula kommune heilskaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom?

Kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune bør ha god samhandling mellom tenestene
- Sula kommune bør sikre samordning av tiltak retta mot familiar med låg inntekt
- Sula kommune samarbeider med frivillige lag og organisasjonar og skaper arena for samhandling

Revisjonskriteria for dei ulike problemstillingane er nærmere omhandla i vedlegg 2.

1.5 METODE

Forvaltningsrevisjonen har blitt utført i hen hold til god kommunal revisjonsskikk og er basert på NKRF – kontroll og revisjon i kommunane (NKRF, 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

DATAINNSAMLING

Datainnsamlinga i prosjektet er gjennomført gjennom intervju, dokumentanalyse og observasjon. Kvar metode er tilpassa for å gi den nødvendige informasjonen for å kunne svare ut problemstillingane.

Intervju

Intervjuet ble gjennomført som semi-strukturerte samtaler. Dette innebar bruk av en intervjuguide med et sett forhåndsdefinerte spørsmål som tok utgangspunkt i de valgte problemstillingene, samtidig som det ble gitt rom for oppfølgingsspørsmål og fleksibilitet i intervjuets gjennomføring. Dette muliggjorde en utforsking av uventede temaer og åpnet opp for at informantene kunne utdype sine refleksjoner og erfaringar.

For å sikre at dataene er pålitelige, ble oppsummeringar fra intervjuer sendt til den enkelte informant som gjennom dette fekk mogelegheit til å kontrollere, verifisere intervjuet og legge til informasjon.

Følgjande intervju er gjennomført:

- Kommunedirektør - oppstartsmøte
- Kommunalsjef Kultur- og oppvekst- oppstartsmøte og intervju via Teams
- Kommunalsjef Helse og omsorg – oppstartsmøte og intervju via Teams
- Einingsleiar for Tiltakseininga for barn og unge (TBU) – oppstartsmøte og intervju via Teams
- Einingsleiar NAV- Intervju via Temas
- Ute kontakt – Intervju via Teams
- Leder Frivilligkeitssentralen – Intervju i Frivilligkeitssentralen sine lokale
- Leiar for Røde Kors – Intervju i Frivilligkeitssentralen sine lokale

Dokumentanalyse

Dokumentanalysen bestod av en systematisk gjennomgang av relevante dokument. Dokumenta vart valde ut basert på deira relevans for revisjonen sine problemstillingar. Vi gjennomførte ein kryssjekk av dokumenta opp mot informasjon frå intervjuet, for å vurdere om det var samsvar mellom praksis og dokumenterte rutinar.

Følgande dokument er bruka i arbeidet med rapporten:

- Samfunnsplan
- Folkehelseoversikt 2024
- Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023 i Sula kommune
- Kultur- og oppvekstplan, 2022 - 2032
- Helse og omsorgsplan 2021 - 2025
- Bustadsosial handlingsplan 2019 - 2023
- Forventningsbrev 2024 frå Kommunedirektøren sitt leiarteam
- Kompetansekartlegging for betre tverrfaglig innsats- og samarbeid i 2024 - Spørreundersøkelse til alle ansatte
- Kartleggings- og samhandlingshjul (BTI)
- Oppdragsbrev 2025 til enhetene i Nav Møre og Romsdal mars 2025 – mars 2026
- Nav Sula: Virksomhetsplan 2024 og 2024 -2025
- Prosjekt Inkludering – NAV og ula kommune
- Rutine: Trefftid og drøftingsmøte, Samarbeid skole og ppt- rutine

Observasjon

Eit intervju vart gjennomført i Frivilligkeitssentralen sine lokalar. Her fekk vi sjå lokale som vert nytta av frivilligkeitssentralen og utlånslageret deira. Dette er dokumentert med bilete i rapportens kapittel 4.4. Observasjonen bidrog til at den informasjon vi fekk via intervju vart bekrefta.

VALIDITET OG RELIABILITET

Validitet og reliabilitet er to sentrale omgrep innan all forsking, også innanfor forvaltningsrevisjon. Validitet handlar om i kva grad metodar og data reflekterer det ein ønskjer å undersøkje. I denne forvaltningsrevisjonen har vi bruka ulike kvalitative metodar, inkludert intervjuar, observasjon og dokumentanalyse (metodetriangulering), som har bidratt til å sikre validiteten.

Intervju har gitt oss innsikt i dei tilsette si oppleving av praksis, mens gjennomgang av ulike kommunale dokument og observasjon har blant anna styrka gyldigheita av den informasjonen vi har fått i intervju.

Ved å kombinere ulike metodar har vi fått et meir heilskapleg bilde av situasjonen, og har med det styrka våre vurderingar av funn og dei konklusjonar vi har gjort.

Reliabilitet viser til pålitelighet og konsistens i datainnsamling og analyse. Det inneber at same metode, om den vert brukt i ein tilsvarende kontekst, skal kunne gi same resultat. Eit døme på dette er bruk av standardiserte spørsmål i intervju, for å sikre at resultata vert samanliknbare.

Transparens er avgjeraande for å sikre truverd og etterprøvbarheit i revisjonsprosessen. Dette inneber at forvaltningsrevisorane dokumenterer tydeleg korleis data er henta inn, kva analysar som er gjennomførte, og korleis konklusjonane er trekte. Dette gjer det mogleg for leseren å forstå korleis funna har kome fram, og det styrkjer tilliten til innhaldet i forvaltningsrevisjonsrapporten. Vidare støttar dette opp om krava i RSK 001, som krev at dokumentasjon av data og metodar skal vere tydelege og skriftleggjorde.

SVAKHEITER MED DATAGRUNNLAGET

Ei mogleg svakheit ved kvalitative data er subjektiviteten i datainnsamlinga, der informantar til dømes medvite eller ubevisst kan vere påverka av eigne interesser eller haldningar. I tillegg kan tolkinga av data vere farga av revisors eigne forventingar, noko som kan føre til at berre delar av informasjonen vert vektlagt.

Ved å følgje standarden for forvaltningsrevisjon (RSK 001), og ved at vi har vore to revisorar som har gått gjennom datagrunnlaget og vurderingane i fellesskap, meiner vi at risikoen for subjektivitet i analysen av data er redusert.

Ein anna svakheit med datamaterialet er at brukarane sin oppfatning og stemme har blitt høyrd. Dette var noko vi ønska å få til, men i dialog med informantane vart vi einige om at det vart for utfordrande å få dei i tale. Sjølv om vi ikkje har brukarane si stemme er vår oppfatning at vi har tilstrekkeleg mengd med data til å svare ut problemstillingane.

BRUK AV DIGITALE VERKTØY

I denne rapporten er kunstig intelligens brukt som eit verktøy for å støtte ulike delar av revisjonsprosessen, i hovudsak språkvask og korrektur.

1.6 KORT OM FATTIGDOM

Kjelder bruka i rapporten er samstemde når det gjelder fattigdoms problematikken, som for eksempel kva grupper som er mest utsette og kva som må til for å lykkast. Informasjon nedanfor er henta frå Bufdir sin veiledar¹ og omhandlar ulike forhold ein bør ta hensyn til i arbeide med fattigdom.

Norge er eit land der den generelle levestandarden er høg. Fattigdom og merksemd rundt den har auka. At stadig fleire barn og unge veks opp med risiko for fattigdom, har konsekvensar for det enkelte barn og familien som opplever dette, men også for lokal- og storsamfunnet.

Fattigdom¹ i Norge målast ikkje med utgangspunkt i absolutte mål, men som et relativt fenomen. Relativ fattigdom handlar ikkje nødvendigvis om fysisk overleving eller mangel på grunnleggande materielle godar, men også om ulikskap i samfunnet;

«En person er fattig dersom vedkommande manglar ressursar til å delta i samfunnets aktivitetar og å oppretthalde den levestandarden som er vanlig i dette samfunnet» (Townsend, 1979:31).

Fattigdom er og definert ut frå kor stor del av familiene som har en inntekt som er mindre enn 60 prosent av medianinntekta over ei treårsperiode.

Fattigdom¹ blant barn i Norge er et uttrykk for ulikskap innan mogelegheiter og avgrensing av ressursar. Nokon barn og unge har ikkje dei same mogelegheitene og ressursane samanlikna med andre fordi dei veks opp i fattige familiarar. Det kan gi redusert tilgang til å nyte ulike tilbod som finnast innanfor utdanning, fritid og arbeid. Ein oppvekst i fattigdom kan få konsekvensar for barn si framtid, og kan føre til utanforskap og marginalisering.

Utsette grupper

- Barn med einslege forsørgjarar
- Barn med innvandrarbakgrunn
- Barn i hushald med lav yrkestilknyting
- Barn med funksjonsnedsettelse eller kronisk sykdom
- Barn i hushald hvor hovedinntektstaker har lav utdanning
- Barn i hushald som mottar over halvparten av samlet inntekt gjennom offentlige overføringer

Konsekvensar av fattigdom

Foreldra si utdanningsbakgrunn, økonomi, butilhøve, fysiske og psykiske helse, rusproblem og tilknyting til arbeidslivet påverkar levekår og livssjansar for barn. Barn som veks opp i familiarar

¹ [Fattigdom - veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier | Bufdir](#)

med låg inntekt, opplever ofte negative konsekvensar innan desse områda. I tillegg er det ein reell risiko for at barn som veks opp i fattige familiarer sjølv endar opp i låginntektsgruppa som vaksne, noko som kan føre til at fattigdom går i arv frå generasjon til generasjon.

Konsekvensane av å vekse opp i ein fattig familie kan vere tyngre for barn i familiarer som har hatt låg inntekt over lang tid, samanlikna med barn i familiarer der låginntekta berre har vore ei mellombels utfordring. Foreldre har i større grad moglegheit til å skjerme barna sine for dei mest negative konsekvensane av fattigdom når den økonomiske situasjonen er avgrensa i tid.

Område i livet til barn og unge som blir negativt påverka av å vekse opp i fattigdom, omfattar bustad og nærmiljø, helse, skole, sosiale fellesskap, fritidsaktivitetar og auka risiko for vidare fattigdom.

Fattigdom som tema i kommunal handlingsplan

Temaet må forankrast i politisk og administrativt arbeid. Innsats mot fattigdom blant barn/barnefamiliar krev brei tilnærming og omfattar arbeid på fleire områder. Det dreier seg om:

- å bidra til å styrke og sikre familiens inntektsgrunnlag
- å dempe negative konsekvensar av fattigdom for barna her og nå
- langsiktig forebyggende arbeid for å motvirke at fattigdom videreføres når barna blir voksne

Utfordringene for barn og familier med lavinntekt er ofte samansatte og krev bidrag fra mange aktører over tid. Det er derfor behov for en heilheitle kommunal innsats.

Buferdir trekker fram følgjande tema som viktig for å lukkast i arbeid mot fattigdom:

- Samarbeid på tvers av sektorar/verksemderområde/fagfelt
- Deling av faktakunnskap
- God forankring – administrativt og politisk
- Tålmod – endringsarbeid tar tid
- Fordeling av ressursar

Unge vaksne og fattigdom

I NAV sitt mål- og disponeringsbrev frå 2023 til fylka vert det retta eit tydeleg søkerlys mot unge vaksne i alderen 18–30 år. Denne gruppa er blant dei som har høgast risiko for å oppleve økonomisk marginalisering. Fleire faktorar gjer denne aldersgruppa særleg sårbar. Mange har ikkje fullført utdanning, dei står utanfor arbeidslivet, eller dei er i overgangen mellom utdanning og arbeid.

Unge vaksne er ofte i ein etableringsfase der utgifter til bustad og livsopphald aukar, samstundes som inntekta kan vere låg og ustabil. Unge under 30 år har lenge vore ei prioritert målgruppe for arbeidsretta tiltak og tett oppfølging. Dette gjeld spesielt unge med samansette utfordringar, som til dømes unge med innvandrarbakgrunn, personar med nedsett arbeidsevne og dei som har vore utanfor arbeid, utdanning eller anna aktivitet over lengre tid. «Andelen med vedvarende lavinntekt er størst blant unge vaksne mellom 18 og 34 år» (nav, 2025).

Langsiktige konsekvensar og samfunnsøkonomiske utfordringar


Ekspertutvalet for barn i fattige familiær viser til forsking som peikar på at økonomiske vanskar i ung vaksen alder kan ha langvarige konsekvensar for livskvalitet og deltaking i samfunnet. Ein oppvekst i låginntektsfamiliær aukar risikoen for låg utdanning, dårlig helse og svak tilknyting til arbeidslivet som vaksen.

Desse forholda aukar risikoen for å oppleve fattigdom også i ung vaksen alder, og bidreg til at fattigdom kan gå i arv. For unge som ikkje har fått tilstrekkeleg støtte i overgangen frå barndom til vaksenliv, kan vegnen til økonomisk sjølvstende bli lang og krevjande. Dette skaper ikkje berre utfordringar for den einskilde, men medfører òg samfunnsøkonomiske kostnader i form av lågare deltaking i arbeidslivet, høgare bruk av offentlege stønader og svekt folkehelse.

Busituasjon til familiær

Statistikken i «husbankens boligsosiale monitor» viser at del av barn i familiær med lavinntekt har gått opp dei siste åra. Auka frå 2023 til 2024 er på 1,6% poeng for del av barn som bur i hushaldningar med låg inntekt og som leier og bur trangt.

Statistikken for barn i hushald med låg inntekt har ei stigande trendline og i høve til blir del barn i denne kategorien nærmest prosenten seg gjennomsnittet for landet. Prosenten her har auka frå 1,1% til 2,3 i 2024, noko som er ei dobling av del barn i kategorien.



Figur 1: Figuren syner husbankens statistikk for Sula kommune åra 202-2024. (Husbanken, 2025)

2 PROBLEMSTILLING 1 – OVERSIKT OVER LEVEKÅR

Problemstillinga i dette kapitelet er: Har Sula kommune kunnskap om innbyggjaranes levekår?

2.1 REVISJONSKRITERIER

Kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune skal ha oppdatert innsikt i innbyggjaranes sine levekår og oppvekstforhold (Folkehelselova) som inneholder faglege vurderinger av årsaksforhold og konsekvensar av blant anna låg inntektsproblematikk.
- Sula kommune skal bruke kunnskapen om levekår og oppvekstforhold til å iverksette målretta tiltak.

2.2 FUNN

Folkehelsearbeidet i Sula kommune

Sula kommune har i dag ein folkehelsekoordinator i 30 % stilling, mot 50 % tidlegare. Stillinga omfattar å koordinere folkehelsearbeidet i kommunen, inkludert samarbeid mellom ulike kommunale einingar, frivillige aktørar og nabokommunar.

Kvart år vert det gjennomført ein gjennomgang av folkehelsearbeidet saman med leiargruppa til kommunedirektøren for å avklare prioriteringar og roller.

Folkehelsearbeidet vert styrt av ein eigen handlingsplan som no er i ferd med å bli oppdatert. Planen vert revidert årleg og har hovudfokus på samfunnsutvikling, ein god start i livet, samt tiltak retta mot barn og unge.

Systematisk kunnskapsinnhenting om folkehelse

Sidan 1999 har Sula kommune systematisk kartlagt helse- og livsvilkår for ungdom og vaksne. Folkehelseoversikta vert oppdatert kvart fjerde år, og Ungdata-undersøkingar vert gjennomførte omlag kvart tredje år. Desse utgjer, saman med lokal, regional og nasjonal statistikk, eit viktig kunnskapsgrunnlag.

I 2021 vart folkehelseundersøkinga gjennomført for første gong i kommunen, der 732 vaksne over 18 år deltok. Folkehelseoversikta identifiserer folkehelseutfordringar, moglege årsaker og konsekvensar av desse.

Det er ei tydeleg forventning om at kommunen nyttar den kunnskapen dei har om innbyggjarane og dei utfordringane som kjem fram i slike kartleggingar, til å setje i verk målretta tiltak – også i arbeidet med fattigdom og utanforsk. Den siste folkehelseoversikten gir ikkje styringsinformasjon rundt kva årsak eller konsekvens er med fattigdom.

Planverk i kommunen og kopling til arbeid mot fattigdom

Samfunnsplanen til Sula kommune gir ikkje direkte mål om å bekjempe fattigdom, men inneholder fleire punkt som indirekte støttar opp om dette arbeidet. Gjennom mål om gode oppvekstvilkår for barn og unge, inkluderande lokalsamfunn og at innbyggjarane skal meistre kvardagen og eiga økonomi, legg planen eit klart grunnlag for innsats mot fattigdom. Formuleringar om tidleg innsats, like moglegheiter, lågterskeltilbod og bustader tilpassa vanskelegstilte viser at kommunen vil førebyggje og motverke sosiale skilnader.

I tillegg til samfunnsplanen har Sula kommune fleire vedtekne temaplanar, mellom anna:

- Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023
- Kultur- og oppvekstplan 2022–2032
- Helse- og omsorgsplan 2021–2024
- Bustadsosial handlingsplan 2019–2023
- Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020–2024

Vi får opplyst at fattigdom i liten grad er eit hovudtema i desse planane og strategiane. Temaet vert oftare indirekte omtala gjennom tiltak som kan ha verknad på kort sikt, og som kan bidra til å førebyggje fattigdom.

Eit døme frå Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023 er målsetjinga om «*utjamning av sosiale skilnader*». Korleis kommunen følgjer opp slike målsetjingar og tiltak frå temaplanane, vil verte nærmere drøfta i problemstilling 2 og 3.

Forventningsbrev som del av styringssystemet

Årleg utarbeiter leiarteamet til kommunedirektøren eit forventningsbrev. Dette brevet er ein del av det heilskaplege styringssystemet i Sula kommune, og har som føremål å sikre eit godt lagspel og felles retning i arbeidet med å nå dei overordna måla til kommunen.

Folkehelseoversikt i 2024 - Organisering og relevans for fattigdomsarbeid

Det er kommunedirektør og kommunedirektøren si leiargruppe som har hatt i mandat å utforme helseoversikta til kommunen. Arbeidsgruppa har bestått av einingsleiar for kultur, einingsleiar for helse, samfunnsplanleggar, kommuneoverlege, kommunepsykolog, Ute-kontakt og folkehelsekoordinator. Arbeid kan i stor grad forhindre utanforskap.

Nokre hovudtrekk frå oversikten som kan påverke arbeidet med fattigdom:

Arbeidsliv og yrkesaktiv befolkning

- 16,5 % av innbyggjarane i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet.
- I desember 2022 hadde om lag 900 personar anten berre trygd eller inga inntekt.
- I aldersgruppa 15–29 år var 8,3 % utan arbeid, utdanning eller opplæring (NEET).
- Om lag 16 % av personar i alderen 20–66 år mottok stønad til livsopphald – eit stabilt nivå dei siste 10 åra fram til 2021.
- Det har vore ein auke i mottakarar av uføretrygd blant personar i alderen 18–44 år, frå 2020 til 2022 (3,5 %).

- Det legemelde sjukefråværet i Sula i 2023 var 8,3 %, høgare enn både fylket og landet:
 - Kvinner: 10,6 %
 - Menn: 6,2 %

Låginntektsfamiliar og levekår

- Frå 2020 til 2022 budde 6,9 % av barn (0–17 år) i hushald med vedvarande låg inntekt – ein aukande trend.
- Det er mindre inntektsforskjellar i Sula enn nasjonalt og i fylket.
- Folkehelseundersøkinga frå 2021 viste at 20,3 % av innbyggjarane opplevde økonomiske vanskar.
- Talet på barn i vedvarande låginntektsfamiliar er noko lågare enn i fylket og landet generelt.
- 58 barn fekk innvilga redusert foreldrebetaling eller gratis kjernetid i barnehagen i 2022/23.
- Det vart søkt aktivitetstilskot for 93 barn i 2023, opp frå 73 barn i 2022.
- Låginntekt er ein kjent risikofaktor for både psykisk og fysisk uhelse.

Aleinebuande

- Andelen aleinebuande i kommunen har auka, og utgjorde 22 % i 2023.

Innvandrarbakgrunn

- Det er ein tydeleg samanheng mellom det å ha innvandrarbakgrunn og det å vekse opp i vedvarande låginntektsfamiliar.
- 12,6 % av innbyggjarane har innvandrarbakgrunn, og i 2023 utgjorde innvandrarbefolkninga 14,7 % av totalbefolkninga i Sula.
- Arbeid er hovudgrunnen til innvandring.
- Kommunen har avgrensa kunnskap om helse og helseutfordringar i innvandrargruppa, og det er behov for auka fokus på dette.

Utdanning

- I perioden 2020–2022 gjennomførte:
 - 63 % grunnskolen
 - 80 % vidaregåande opplæring (positiv utvikling)
 - 92 % fullførte høgare utdanning
- Det er ein auke i skulking på ungdomsskolen, i tråd med utviklinga i fylket og landet.
- Færre barn får PP-tjenester.
- I Ungdata 2021 svarte 77 % av ungdommane at dei trur dei vil fullføre vidaregåande skole.
- 33 % av ungdomane hadde skulka minst éin gong i løpet av året – ein auke frå tidlegare år.

Psykisk helse

- Talet på brukarar av psykisk helseteneste (PHT) har auka frå 122 i 2017 til 190 i 2023.

- Dei fleste som vert tilvist til PHT i 2023 og 2024 er i alderen 17–44 år.
 - Det er fleire kvinner enn menn i denne gruppa.
- Låginntekt er ein kjent risikofaktor for både psykisk og fysisk helse.
- I Ungdata svarer 19 % av ungdomane at dei har hatt mange psykiske plager den siste veka.

Barn og unge utanfor arbeid og utdanning

- Talet på unge utan arbeid, utdanning eller opplæring har gått ned frå 2020 til 2022.
- Dei siste 12 åra har mellom 110 og 165 unge årleg stått utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak.

Sosialhjelp 2024/2025²

NAV sin oversikt over talet på sosialhjelp mottakarar er omhandla i eininga si verksemdsplan for 2024.

Data per 01.02.25 VAKSNE	Sosialhjelp (ikkje flyktning)	Sosialhjelp (flyktning)	Samlet sosialhjelp
Tal på vaksne	26	24	50
Totalt utbetalt	Kr. 236.750	Kr. 315.960	Kr. 552.710
Langtids mottakarar	13	23	36
Stønadslengde	2,99 mnd.	5,43 mnd.	

Ungdom

Dei aller fleste ungdommar som får stønad i 2025 under 30 år er ikkje flyktningar. 15 mottakarar (ikkje flyktning) under 30 år fekk sosialhjelp i per 1. februar i 2025. Av desse er nokre få er langtidsmottakarar. Gjennomsnittleg stønadslengde er på 2,3 månader.

Data per 01.02.25 TOTALT (vaksne og ungdom)	Sosialhjelp (ikkje flyktning)	Sosialhjelp (flyktning)	Samlet sosialhjelp
Totalt utbetalt ordinær 2025	Kr. 316.077	Kr. 321.060	Kr. 637.137
Det totale talet på sosialmottakarar ordinær 2025	41	25	66

NAV sin verksemdsplan har seks målgrupper for sitt arbeid: ungdom, flyktningar, tidleg innsats ved sjukefråvær, innbyggjarar med nedsett arbeidsevne, tiltak innan sosiale tenester og marknadsarbeid.

² NAV sin virksomhetsplan for 2024

Manglande indikatorar og systematikk i arbeid mot fattigdom

Fleire opplyser i intervju at det i dag ikkje finst lovpålagde indikatorar eller systematiske målepunkt knytt til fattigdom. Helsestasjonen sin rettleiar har ikkje økonomi som eit kartleggingspunkt og det har heller ikkje Helseplattforma. Det er heller ikkje praksis i kommunen for å nytte sjekklister eller registreringspunkt som omhandlar økonomiske forhold.

Inntaksteamet, som består av leiarar frå heimetenesta, institusjon, butilbod, sakhandsamarar på tiltakskontoret, tilsynslege og tverrfagleg leiar, har ikkje eigne rutinar for å stille spørsmål om økonomi. Likevel skal dei – på lik linje med tilsette i barnehagar, skular, helsesjukepleienesta og andre – reagere når det oppstår «raudt lys», altså teikn på at noko ikkje er som det skal. Uro for økonomi gjer at tilsette skal handle jamfør BTI-rettleiar; snakke med den det gjeld, kartlegge, ved behov initiere samarbeid og eventuelt iverksette tiltak.

Einingsleiar for TBU fortel at PP-tenesta (pedagogisk-psykologisk teneste) melder at dei overhøyrer tidvis at elevane snakkar med kvarandre om økonomiske utfordringar, til dømes når eit barn spør kva noko kostar, eller vegrar seg for å delta i aktivitetar.

Det er ikkje praksis med sjekklister eller registrerings punkter for økonomiske forhold i kommunen. Inntaksteamet som består av leiarar frå heimetenesta, institusjon, butilbod, sakhandsamarar på tiltakskontoret, tilsynslege, og tverrfagleg leder har ikkje egen rutine for å stile spørsmål om økonomi, men skal som alle andre både i barnehagar, skolane, helsesjukepleier med fleire reagere når «røde lamper» oppstår.

PP- tenesta kan melde at økonomi kan bli et tema i samtaler med elever, der tilsette fangar opp signaler – som at et barn spør kva noko kostar, eller vegrar seg for å delta i aktivitetar.

2.3 VÅR VURDERING

Vi har vurdert Sula kommune opp mot problemstillinga: Har kommunen kunnskap om innbyggjaranes levekår?

Vår vurdering er at revisjonskriteria under denne problemstillinga er delvis oppfylt.

Sula kommune utarbeider den lovpålagte oversikten over helsetilstanden i kommune, med vurdering av årsak og konsekvens de ulike utfordringane medfører.

God forankring av arbeidet både administrativt og politisk er framheva som viktige faktorar for å lukkast i arbeidet med fattigdom. I den nyleg rullerte samfunnsplana er eit av fem hovudmål:

Samfunnsmål 1: Barn og unge i Sula kommune skal ha gode oppvekstvilkår.

I tillegg til samfunnsmål i samfunnsplana har kommunen en rekke tema-planar. Vår vurdering er at kommunen i liten grad bruker informasjonen som er tilgjengeleg til å iverksette målretta tiltak mot fattigdom. Sjølv om mål og tiltak i planer i liten grad er direkte retta mot fattigdom, er mange av måla og tiltaka indirekte retta mot arbeidet med fattigdom. Vi oppfordrar kommunen til å vurdere om meir målretta arbeid med fattigdom kan ha ein effekt, og at dei tiltak som er iverksett blir følgt opp og evaluert i høve til fattigdom.

Sula kommune har ikke sjekklisten eller registreringspunkt for økonomiske forhold ved den ordinære tenesteytinga. Vår vurdering er at kommunen i større grad kan ha rutinar for handtering av slike teikn.

Problemstilling 1 - Oversikt over levekår

Vi tilrår at Sula kommune vurderer:

- Utvikle rutinar for sjekkliste og registrering av økonomi som levekårsfaktor i tenestene i arbeidet med tidleg innsats
- Arbeide for at informasjon om ungdom og unge voksne over 18 år sine levekår blir nytta i arbeidet med å bekjempe fattigdom
- Styrke analysearbeidet rundt folkehelseoversikta for å vidareutvikle kunnskap om årsak og verknad av fattigdom

3 PROBLEMSTILLING 2 – TILTAK OG VERKNAD

Problemstillinga i dette kapitelet er: Sikrar Sula kommune at unge vaksne eller barn- og unge i familiær med låg inntekt får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

3.1 REVISJONSKRITERIER

Utleia revisjonskriterier

- Sula kommune bør gi målretta tiltak som på kort sikt reduserer dei økonomiske og sosiale konsekvensane av fattigdom for barn, unge og unge vaksne.
- Sula kommune bør ha langsigktige strategiar mot låg inntekt som del av sitt planverk.
 - Dette kan vere strategiar for å auke deltaking i utdanning og arbeidsliv blant unge vaksne
 - Dette kan vere strategiar for å sikre ein stabil bustad situasjon for unge vaksne
- Sula kommune bør ha tiltak som bidreg til at unge vaksne er sjølvstendige.

3.2 FUNN – KOMMUNALE PLANAR OG STRATEGIAR

Arbeidet med fattigdom i Norge er omfattande og involverer fleire strategiar og tiltak for å redusere økonomiske og sosiale forskjellar. Noen tiltak er initiert frå statleg hald³. Av desse vil vi nemne:

Velferdsordningar: Norge har et omfattande trygdesystem som gir økonomisk støtte ved inntektsbortfall eller ekstrautgifter grunna sjukdom, arbeidsledigkeit, alderdom eller uføre. Dette sikrar økonomisk tryggheit i ulike livssituasjoner.

Sosialhjelp: Kommunane tilbyr økonomisk sosialhjelp til personar som ikkje kan forsørge seg sjølv gjennom arbeid eller andre inntektskjelder, for å dekke grunnleggande behov.

Utdanning og opplæring: Gratis grunnskole og vidaregåande opplæring, samt støtte til høgare utdanning gjennom Lånekassen, skal sikre at alle har moglegheit til å få en utdanning og betre sine jobbmoglegheiter.

Arbeidsmarknadstiltak: NAV tilbyr ulike tiltak for å hjelpe arbeidsledige med å finne jobb, inkludert jobbsøkarkurs, arbeidspraksis og støtte til vidareutdanning.

Helse- og omsorgstenester: Norge har et omfattande helsevesen som gir gratis eller subsidierte helsetenester til alle innbyggjarar, inkludert behandling for fysiske og psykiske helseproblem, noko som kan vere en viktig faktor for å komme seg ut av fattigdom.

Tiltak mot barnefattigdom: Myndighetene har egne tiltak for barn i låginntektsfamiliær, inkludert støtte til fritidsaktivitetar, gratis skolemåltid og tiltak for å sikre at alle barn har tilgang til nødvendig skoleutstyr.

³ WWW.regeringa.no

Samarbeid med frivillige organisasjoner: Regjeringa samarbeider med frivillige organisasjoner som arbeider mot fattigdom, og tilbyr tilskots ordningar for å støtte deira arbeid. Regjeringa

I tillegg er høy sysselsetting og lav arbeidsledighet viktige faktorar for å sikre små forskjellar i levekår. Norge har et godt utbygd velferdssystem som gir tilgang til helsevesen, skole og andre offentlege tenester, sjølv for dei med små økonomiske ressursar.

Sula kommune sine planar mot fattigdom

Sula kommune sin nåverande Samfunnsplan 2010 – 2020 er under revidering. Det er fleire tema i dagens plan som indirekte handlar om arbeidet med fattigdom

- Tverrfagleg samarbeidsgrupper
- Tidleg innsats
- Førebyggjande innsats
- Trygge og gode oppvekstvilkår
- Bruk av brukarundersøkingar som verktøy i utvikling av tenestene

I den «nye» samfunnsplana som var vedteke 24.april er det identifisert fem hovudområde, der samfunnsmål nr. 1 er at «Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår».

I tillegg til samfunnsplana føreligg ein rekke politisk vedteke tema-planer som omhandlar mål og tiltak knytt til dei ulike tema i samfunnsplana. Følgande planar er mest aktuelle i arbeidet med fattigdom:

- Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023 i Sula kommune
- Kultur- og oppvekstplan 2022-2032
- Helse og omsorgsplan 2021-2024
- Bustadsosial handlingsplan 2019-2023
- Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020-2024
- NAV Sula har egen virksomhetsplan

Når «ny» samfunnsplan er vedtatt, skal øvrige planverk rullerast.

MÅL OG TILTAK I KOMMUNEN SINE TEMAPLANAR

Frå dei ovannemnte planane har vi trekt ut dei tiltak/mål på kort og lang sikt som vi vurderer som mest aktuelle i arbeidet med bekjemping av fattigdom. For nærmare om innhaldet i desse planane kan ein også lese vedlegg 3.

Kunnskap om helsetilstanden

- Oppdatere oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. (Ungdata og folkehelseundersøkinga.)

Alle elever gjennomfører vidaregåande skole

- Motiver ungdom til å gjennomføre vidare- og høgare utdanning
- Fortsette handlingsprogrammet MOT. Arbeid mot mobbing, utanforskap, og psykiske vanskar.
- Leiарane i oppvekst skal ha god kunnskap om kva som har positiv effekt på barn si utvikling og læring.

Gode oppvekstforhold, gode tenester, prega av heilskap og samanheng.

- Alle barn og unge skal ha like sjansar til et stabilt helsefremmende liv, utan diskriminering og utanforskning.
- Barn, unge og familiær som treng det skal få tidleg oppfølging og koordinerte tenester.
- Fortsette prosjektet «Ung mestring» - få tak i ungdom tidlig

Legge til rette for fysisk aktivitet i alle aldrar; t.d.. den gyldne spaserstokk, idrettsanlegg, turstigar, mv.

Husbanken og kommunen forvaltar ei rekke bustadpolitiske verkemiddel, som til dømes;

- Grunnlån
- Startlån
- Bustadtildskott
- Tilskot til kommunale utleigebustader
- Bustønad
- Tilskott til prosjektering
- Økonomisk råd/rettleiing/gjeldsrettleiing v/NAV-sosial
- kommunen disponerer naudhusvære

Legge til rette for godt samarbeid internt i kommunen og med frivillige lag og organisasjonar for å skape et levande lokalsamfunn der barn og unge veks opp.

- Folkehelsearbeid er eit tverrfagleg og tverrsektorielt arbeid, og frivillig og privat sektor er viktige samarbeidspartar.
- Gjere oss nytte av psykologstilling i det førebyggande arbeidet i kommunen og sjå på kompetanse innan psykisk helse under eitt, for å sikre tilbod til både born, unge og vaksne, med tidleg og rett innsats som fokus. Vidareføre arbeidet med BTI (betre tverrfagleg innsats).
- Krav om folkehelse og meistringstenking i den enkelte sektor og i alt planarbeid – «helse i plan».
- Ha universell utforming og tilrettelegging som perspektiv i alt vi gjer.
- Utfordre ulike samfunnssektorar til innsats, som til vanleg ikkje ser seg sjølv som ein del av arbeidet med å skape god folkehelse og eit aldersvennleg samfunn.»

Utjamning av sosiale skilnader

- Likeverdig deltaking på fritidsaktivitetar,
- integrering av flyktningar,
- språk kafé på biblioteket
- kveldsmat på frivilligkeitssentralen
- tilsette flyktningar i Sula kommune, med mentorordning

3.3 FUNN – KOMMUNALE TILTAK

Kjeldane i revisjonen viser at det er ein tydeleg samanheng mellom utdanning, helse og fattigdom. Her vil vi gå igjennom dei tiltak som kommunen har sett i verk for å hjelpe personar og hus haldningar som har utfordringar knytt til fattigdom.

GOD OG RETTFERDIG SOSIALHJELP

Sikre at menneske får økonomisk hjelp i vanskelege periodar utan å hamne i gjeld.

Fleire fortel i intervju at det er ei bekymringsfull utvikling i Sula, der stadig fleire familiarer søker sosialhjelp, inkludert familiarer som tidlegare ikkje har hatt slike utfordringar. Navleiar fortel at auka er større enn i nabokommunane, noko som kanskje er naturleg da Sula har ligge lavgard på sosialhjelp tidlegare og «dyrtida» slår antakeleg sterkt ut.

Det peikast på at dette også gjeld «vanlege» familiarer, som kanskje har tatt opp for store lån og levd utan økonomiske marginar. NAV opplever at innbyggjarar kjem med urealistiske forventningar om kva sosialhjelpa skal dekke.

Fleire løftar fram at det er behov for å avstemme folk si forventning og å gjere innbyggjarane meir bevisst på eigen økonomi.

Planar og informasjon frå intervju syner at Sula kommune og NAV Sula arbeider både kortsiktig og langsiktig med fattigdoms-bekjemping.

- Det ytes økonomisk sosialhjelp til personar som ikkje kan forsørge seg sjølv gjennom arbeid eller andre inntektskjelder, for å dekke grunnleggande behov.
- Et sentralt prinsipp er "barneblikket" – å sikre at barns behov vert ivaretatt ved vurdering av sosialhjelp og andre tiltak. Kartlegginga skal vere heilskapleg, med fokus på hele familien. NAV har lav gjennomsnittleg stønadslengde, til tross for økt tal på søknader. NAV følger tett med på utviklinga via interne saksbehandlingssystem og KOSTRA-data.
- NAV tilbyr ulike tiltak for å hjelpe arbeidsledige med å finne jobb, inkludert jobbsøkarkurs, arbeidspraksis og støtte til vidareutdanning.
- Kommunen samarbeider med frivillige organisasjonar og tilbyr aktivitetstilskot.
- Norge har et omfattande helsevesen som gir gratis eller subsidierte helsetenester til alle innbyggjaren, inkludert behandling for fysiske- og psykiske helseproblem, noko som kan vere en viktig faktor for å komme seg ut av fattigdom.

ØKONOMISK RÅD OG RETTLEIING

Økonomisk råd og rettleiing er ei kommunal teneste som Sula kommune yter via NAV. Det gis økonomisk rådgiving, både til dei som søker sosialhjelp og andre med økonomiske utfordringar. Rådgivinga er ofte proaktiv, der NAV tar initiativ til å gi råd for å hjelpe innbyggaren til å bli meir sjølvhjulpen. Mange av dagens søkerarar er småbarnsfamiliar, personar i arbeid, pensjonistar eller personar med statlege yting, noko som gjer rådgivinga breiare enn tidlegare. Det er få formelle gjeldsrettleiinggsaker, men økonomisk rettleiing gis aktivt.

NAV Sula har også hatt økonomikurs for ungdom, der praktisk budsjettarbeid står i fokus. Vi får opplyst at fleire ungdommar etterspør meir opplæring i personleg økonomi. Sparebanken Møre har et opplegg på skolane, men det finnes ikkje noko samarbeid mellom skulane og NAV om økonomiopplæring for ungdom.

I intervju vart behov for betre informasjon om økonomisk rettleiing, løfta fram. «Mange veit ikkje at dei kan få gjeldsrettleiing via sosialtenesta». Behov for å avstemme folk si forventning og å gjere innbyggjarane meir bevisst på eigen økonomi er tiltak som nemnes.

Betydninga av å hjelpe folk til sjølvstende, trekkast fram i intervju. Fleire peikar på i intervju at viss folk får "for mykje" hjelp, kan det svekke deira evne til å klare seg sjølv. Det ble trekt fram at sosialtenestene skal hjelpe med råd og rettleiing, og sikre at folk har trygg økonomi, bustad og arbeid. Sosialhjelp er det siste sikkerheitsnettet og at alt anna skal vere utprøvd før det ytast sosialhjelp. Sjølv om ungdomsskolen har sjølvstendig økonomi som del av fagplan i matematikk, fortel ungdom til tilsette i kommunen at dei treng noko meir.

TILGANG PÅ RIMELEG BUSTAD

Bustad er en grunnleggande faktor. Kommunen må ha et godt system for å hjelpe vanskelegstilte med å skaffe og behalde bustad.

Overordna mål i norsk bustadpolitikk er at alle skal bu trygt og godt. Likevel har enkelte innbyggjarar store vanskar med å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Sula kommune har vedtatt bustadsosial handlingsplan. Plana skal ha fokus på denne gruppa, og legge til rette for at bustadpolitikken vert føreseieleg, med minst mogleg bruk naudløysingar og mellombelse alternativ. Kven er vanskelegstilte i bustadmarknaden?

Det er personer og familier som ikkje har mulighet til å skaffe seg og/eller opprettholde et tilfredsstillende boforhold på egen hånd.

Kjelde: Bustadpolitisk handlingsplan

Desse er i ein eller fleire av følgjande situasjonar⁴:

- *Er utan egen bustad*
- Står i fare for å miste bustaden sin
- Bor i ueigna bustad eller bumiljø

«Dei vanskelegstilte i bustadmarknaden finn vi i alderskategoriane 20-39 år»

Sula kommune sitt bustadprosjekt i Vasset burettslag er for unge funksjonshemma som skal kunne bo i fellesskap.

Det finnes ungdom i Sula kommune, særleg frå flyktningfamiliar, som bur trøngt og utan eige soverom. Vi får opplyst i intervju at dette kan påverke skoleprestasjon og trivsel.

Husbanken og kommunen forvaltar ei rekke bustadpolitiske verkemiddel, som til dømes;

- Grunnlån
- Startlån
- Bustadtorskott
- Tilskot til kommunale utleigebustader
- Bustønad
- Tilskott til prosjektering
- Økonomisk råd/rettleiing/gjeldsrettleiing v/NAV-sosial

⁴ kjelde: Bustad for velferd – Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020.

I handlingsplan «Bustad for velferd» har regjeringa uttrykt 15 målsettingar. Mellom anna er det sagt at ingen skal bu i mellombels husvære i meir enn 3 månader, og at ingen unge eller barnefamiliar skal opphalde seg i mellombelse husvære i det heile. Sula kommune skriv i plana at dei er innforstått med dette, og naudhusværet blir nytta i tråd med regjeringa sin målsetting. NAV-sosial har ansvaret for å tilby mellombels husvære til personar som er utan bustad. Dette er heimla i Lov om sosiale tenester i NAV.

For den som har eit akutt bustadbehov, altså står på gata, har kommunen 2 naudhusvære til nytte.

Kommunen har pr dato ingen husvære ståande tommel i fall det skulle oppstå ein situasjon med foreldre/barn som er huslause. Bustadsosial handlingsplan inneholder at nav skal gjere vurderingar i kvart enkelt tilfelle frå NAV sin side. Kommunen har to naudhushald der eitt er i bruk. Det er og på trappene å sette opp fleire bustader til dette føremålet.

TILTAK FOR Å MOTIVERE TIL UTDANNING OG JOBB

Motivere ungdom til å gjennomføre vidare- og høgare utdanning

Det opplysts i intervju at mange ungdommar er sårbare og lett trekk seg unna krav og sosialt press, og at det er viktig å finne riktige verkemiddel og støtte desse på en konstruktiv måte. Det uttrykkast ei bekymring for eit system der færre klarer seg innanfor eit ordinært grunnskoleløp.

Det opplysts at Sula kommunen no ser en positiv utvikling der fleire tar høgare utdanning. Historisk har det vært utfordring med lavt utdanningsnivå i deler av befolkninga, som har hatt en tendens til å gå igjen over generasjonar.

Tiltak retta mot barn og ungdom

Kommunen har sidan 2020 hatt ungdomslos som har gitt støtte til ungdom i overgangen til vidaregåande skole. Sener har ungdomslos også komet inn i arbeidet med overgang frå barneskole til ungdomsskole.

Sula kommune har to ungdomskontaktar som jobbar med MOT, fritidsklubb og med førebyggjande arbeid inn mot elevar i skolen. Arbeidet er ikkje spesielt retta mot fattigdom, men meir mot psykisk helse og rus. Kombinasjonen av fritidsklubb og utekontakt gir rom for fleksibel og relasjonsbasert arbeid. Det elevretta arbeidet i skolen er i liten grad retta mot enkelt individ, men meir førebyggjande arbeid på gruppe nivå.

Et tiltak som kommunen tilbyr innbyggjarar i grunnskolealder er gratis sommarskole.

Ungdomsskolen har starta eit alternativ utdanningsarena med praktisk innhald, kalla Solstrand, som har hatt positiv effekt på skolevegring.

Ungdom frå 18-25 år

Kommunen har ikkje system for å fange opp ungdom over 18 år som er i ferd med å falle utanfor (høgt fråvær i skole, etc.) Vi får opplysning om at det er særleg vanskeleg å følge opp ungdom som reiser ut av kommunen for å gå på vidaregåande, og som i liten grad fanges opp av eksisterande tenester. Denne gruppa gliper lett, og kommunen er avhengig av at ungdom sjølv

tar kontakt. NAV er involvert i enkelte prosjekter, blant annet sammen med Røde Kors, og arbeidet med denne gruppa er avhengig av mange høve, med anna samtykke for å hjelpe. Dei som får hjelp er ofte dei som har ramla heilt ut og blir sittande heime utan noko å gjere.

Kommunen har open helsestasjon for de som sjølv oppsøker hjelp og rettleiing. Ordninga fungerer godt på enkeltsaker, men fangar ikkje opp dei som ikkje sjølv tek kontakt. Mange har nok kontakt med skolehelsetenesta i vertskommunen for den vidaregåande skolen, men det er ikkje etablert eit system for melding/overføring av informasjon, all deling av informasjon er basert på samtykke.

I tillegg til dette har kommunen helsestasjon for ungdom som er plassert i same bygg som kommunelegekontoret. Tilbodet er ope kvar måndag kl. 15:30 - 17:00. Eit anna tilbod til aldersgruppa er frå tiltaket Rus og Psykisk helse ungdom. Psykiske helse ungdom har fast veiledning med kommunepsykolog og samarbeidar med psykisk helseteam, ungdomslos og Ung Mestring. Helsestasjon for ungdom samarbeider og med barnevernet som har ettervern for ungdom.

Oppfølgingstenesta (OT) i fylkeskommunen følger opp ungdom som fell ut av vidaregåande skole og som ikkje har arbeid. Sula kommune, gjennom med anna nav, samarbeider med rådgjevarane på OT gjennom nav. Navrådgjevarar lokalisert på Borgund vidaregåande har og eit tilbod til ungdom på alle vidaregåande skolane i Ålesundområdet. Kor mykje nytte kommunen har av samarbeidet er avhengig av OT sin kapasitet.

Miljøterapeut

Dei tilsette ved fritidsklubben er miljøterapeutar med fagkompetanse. Dei har tid og anledning til å følge opp ungdom både i grupper og meir individuelt. På skolane er deira rolle meir indirekte. Utekontakt-funksjonen jobbar ikkje direkte med enkeltelevar, men er ein del av det generelle miljøarbeidet. MOT-programmet er en sentral del av innsatsen – både i skole og i fritidsklubb. Det er to MOT-coacher, og det er totalt ti tilsette i kommunen som jobbar med programmet. Dei bruker det aktivt i alle arrangementa for å forsterke positive, rusfrie fellesskap.

SLT

Målet med SLT-arbeid⁵ er at barn og unge skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper (sula.kommune.no)

Barnevern

Barnevern har samarbeid med fleire avdelingar og bidreg med å hjelpe barn og unge med utfordringar. Barnevernstenesta tilbyr ettervern til ungdommen er 25 år. Dette opplysast å vere eit viktig tiltak for å sikre god helsehjelp og god oppfølging, slik at fleire lukkast på skolen og i overgang til arbeidslivet og vaksenlivet.

Kvalifisering, arbeidstrening og tett oppfølging gjennom NAV

NAV tilbyr ulike tiltak for å hjelpe arbeidsledige med å finne jobb, inkludert jobbsøkarkurs, arbeidspraksis og støtte til vidareutdanning.

⁵ SLT teamet: Samordning av Lokale kriminalitets-førebyggjande Tiltak

Eit prosjekt som vart løfta fram som særleg vellukka er prosjektet «Ung meistring», et program mot unge i utanforskap med stor avstand til utdanning og/eller arbeid. Prosjektet er eit tverrfagleg tiltak for unge vaksne, med samarbeid mellom NAV, frisk livs- og folkehelsekoordinator og frivilligheita, med mål om å hjelpe unge vaksne inn i arbeid, aktivitet og sosial deltaking. Prosjektet er inne i sitt tredje år og fokuserer på ungdom som trenger tettare og lengre oppfølging. Det opplysast at tiltaket har gitt svært gode resultat og fått positiv omtale i lokalpressa.

TILTAK I BARNEHAGE, SKOLE OG SFO

Det er regjeringa som fastsett maksimalsatsen for foreldrebetaling i barnehage, samt vedtek inntektsgrensene for redusert foreldrebetaling. Familiar med fleire barn i barnehage og SFO betalar mindre for barn nummer 2 og 3.

Stortinget innført inntil 12 timer gratis SFO for 1. – 3. trinn frå skoleåret 2022/23. Det er også gratis SFO for elevar med særskilte behov i 5. til 7. årstrinn.

Familiar med låg inntekt kan søke om redusert foreldrebetaling for barnehage og SFO. Det er hushaldet si samla inntekt som blir lagt til grunn i behandlinga av søknaden.

Barn i barnehagen betaler for kost og skal dekke utgiftene til maten barnet får i barnehagen. Det kostar i dag kr. 406 kroner for heil plass i månaden. Tidlegare hadde skolen gratis frukost, men som nå er det kutta på grunn av økonomi.

Kommunen tilbyr gratis leksegrupper med gratis mat og drikke serverast, mens det ein gong i veka serverast middag til brukarane.

Det kjem ikkje fram av revisjonen at det finst rutinar eller system for korleis tilsette skal følgje med om barn/elevar er i ein situasjon med fattigdom i familien.

FRITIDSTILBUD FOR BARN OG UNGE

Gratis aktivitetar kan hindre utanforskap

Sula kommune har ei rekke gratis tilbod for barn og unge, som den kommunale fritidsklubben. Fritidsklubben står sterkt i lokalsamfunnet og besøkstal ligger på rundt 40 i snitt, men kan variere. Nokre kveldar kommer det berre fem, andre gonger mange fleire. Det er god blanding av ungdommar, også ungdommar med spesielle behov. Klubben har opent to dagar i veka og er i hovudsak gratis for alle. Det opplysast at det serverast saft og gode kaker, i tillegg forgår sal. Ute kontakt observerer at ikkje alle ungdommar har pengar til kioskvarer, og at økonomi kan vere en barriere for einkvan.

LAVTERSKELTILBUD

Opne møteplassar, kulturtilbod og støtte frå frivillige organisasjonar bidrar til fellesskap og sosial støtte

Kommunen samarbeider med frivillige organisasjonar og tilbyr aktivitetstilskot.

Det opplysast at det er behov for fleire møteplassar, og mange saknar fritidstilbod også for unge vaksne. Det er viktig å ha plasser å treffest på tvers av alder og sted. Ungdommane som er over

på vidaregåande bør kommunen jobbe betre med, opplyser fleire informantar. Vi får opplyst i intervju at kommunen ikkje får tak i de, men kommunen bør ha eit tilbod til dei.

Vi får informasjon om at ungdom etter ungdomsskolen glipp, og at det er behov for tiltak som kan følge dem videre. Det er viktig å oppretthalde og styrke de trygge, lågterskel møteplassane, og å sikre at strukturer og samarbeid ikkje blir personavhengige.

Fleire møteplassar, og fritidsklubb for vaksne blir trekt fram som viktig i arbeidet med utanforskap. Biblioteket har mange fine arrangement som det er viktig at kommunen beheld.

Det er tett samarbeid mellom NAV og flyktning tenesta rundt integrering og helseoppfølging av flyktningar. Følgjande tiltak er etablert:

- Språk kafé
- Bibliotek
- Frivilligkeitssentralen
- Fritidsklubb
- Kultur
- Helseteam for flyktningar

I faktasjekken blir det fortalt at kommunen er i ferd med å etablere enda ein møteplass for ungdom. Ungdomsrådet har tatt kontakt med kommunen for å få til eit nytt tilbod.

3.4 FUNN – FRIVILLIGHEITA I SULA

Frivilligkeitssentralen er ikkje ei kommunal eining, men samarbeider tett med kommunen. Frivilligkeitssentralen finansierast og driftast av Røde Kors, men mottar støtte frå ulike ordningar, som Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufdir), Dam stiftelsen og den Kulturelle spaserstokken.

TILTAK RETTET MOT ØKONOMISK VANSKELEGSTILTE

Frivilligkeitssentralen har fleire tilbod retta mot økonomisk vanskelegstilte:

- **Gratis tiltak og måltid:** Kvar måndag serverast kveldsmat til mellom 15 og 50 personar.
- **Matkasser:** Prosjektet "Hjerterom" deler ut matkasser før jul og påske i samarbeid med Frivilligkeitssentralen og Røde Kors. Rundt 50 familiar fekk matkasser til jul, og dette gjelder de som har størst behov.
- **Lager av klede:** Tilbyr moglegheit for gratis bytte av klede.
- **Utlån av sportsutstyr:** Det er oppe kvar kvardag, med ekstra opningstider i ferier og på laurdagar. Det kan vere stor pågang. Prosjektet er finansiert gjennom Bufdir og sponsorar. Utlånet hadde 3 000 transaksjonar i 2024, kor 2 600 artiklar vart lånt ut med en låneperiode på to veker. Lærarane hentar ofte utstyr til bruk i skolen.

Frivilligkeitssentralen ser at mange av brukarane har økonomiske utfordringar.

- Mange av de som låner utstyr er nyleg boset i området og står utan jobb.
- Blant brukarane er rundt 30 % personar med innvandrarbakgrunn eller uføretrygda.
- Einslege forsørgjarar har stor nytte av utstyrslån, da det kan vere dyrt å kjøpe utstyr som for eksempel ski, som må byttes ut etter nokre år.
- Kvinnegrupper for innvandraren arrangerast.

ANDRE SOSIALE TILTAK

- **Handlevogna:** Samarbeid med NAV Sula og "Ung meistring" for ungdom som står i fare for å falle utanfor. Prosjektet gir ungdom moglegheit til å handle for eldre og samtidig få sosial oppfølging. Det er etablert et samarbeid med en minibuss frå Røde Kors, og en tilsett følger opp ungdommane.
- **Ungdomsklubbar:** "Dunken" er en kommunal ungdomsklubb for «friske» ungdommar, mens "Fabrikken" er en ungdomsklubb for ungdom med funksjonsvariasjonar.
- **Alternative opplæringstilbod:** Skolelassen i Mauseidvåg gir et alternativt opplæringstilbod for ungdomsskoleelevar.
- **Sulasusen:** Et sosialt tilbod i Røde Kors-huset for personar i alderen 50-60 år.
-

ØKONOMISK STØTTE TIL DELTAKELSE I FRITIDSAKTIVITETER

- Kontingenter blir ettergitt dersom dagleg leder ser at betalinga ikkje vil komme inn.
- Aktivitetstilskot er tilgjengeleg, og 230 000 kroner blir årleg brukt for å dekke kontingenter for familiar med lav betalingsevne. Summen er indeksregulert kvart år.
- Idrettslaget ettergir kontingenter etter en eller to purringar.
- Ein veldedighetskamp arrangerast i samarbeid mellom idrettslaget, Røde Kors, Frivilligsentralen og næringslivet.
- Idrettslaget driv også ein gjenbruksbutikk to dagar i veka og har et gjenbruksrom med sportsutstyr tilgjengeleg for dem som trenger det.

SAMARBEID MELLOM OFFENTLIGE OG PRIVATE

Tidlegare kulturleder følgde opp frivilligkeit sentralen/frivilligheita på økonomiske støtteordningar og sørga for at søknader og tilskotsordningar blir handtert rettidig, som eksempel spelemidlar, tilskottssøknader og regnskapsrutinar.

Leder ved Frivilligsentralen, som også er leder for idrettslaget, opplyser at tidlegare kultursjef har vært en viktig støttespiller for frivilligheita, men at denne rollen i kommunen ikkje skal erstattast direkte. Revisjonen oppfattar ei viss usikkerheit blant lag og organisasjonar etter at kultursjefens rolle har blitt oppdelt. På tidspunkt for oppstartsmøtet var kommunalsjef for kultur og oppvekst er i ferd med å omorganisere oppgåvene som den tidlegare kulturleiaren har hatt.

Den nye organiseringa blir bekrefta i faktasjekkmøtet og oppgåver blir over ført til Skulefagleg rådgjevar, kulturskolerektor, biblioteksjef, barnehagefagleg rådgjevar, Service og kommunikasjon, politisk rådgjevar, merkantil bernevern og rolle som samfunnsutviklar. I vedlegg 6 visast ein figur for noko av endringane. Revisjonen blir forklart korleis det frivillige vil få oppfølging framover.

Leiar i frivilligsentralen fortel at kommunen har generelt bidrige med eit godt samarbeid med frivilligheita, spesielt gjennom samarbeid om søknadar og støtteordningar. Det er stor spaning i korleis dette blir vidare. Folkehelsekoordinator har og vore ein viktig kontaktperson og samarbeider tett med Frivilligsentralen.

Kommunen sine forventningar

Det har vært lite formalisert samarbeid om oppfølging av spesifekte grupper, med unntak av ukrainske flyktninger der idrettslaga ble involvert i å tilby aktivitetstilbod.

Frivilligsentralen har sjeldan hatt behov for å varsle om bekymringsfulle saker, men har hjulpet enkelte med å skaffe mat eller økonomisk støtte.

Tauhetsplikt

Tidlegare forsøk på å opprette aktivitetstilbod for flyktninger ble utfordrande på grunn av tauhetsplikt, noko som skapte hindringar i arbeidet.


Frivilligsentralen har en viktig knutepunktfunksjon for Bufdir.


Deltakarar i lag og organisasjonar

- Kommunens budsjett til aktivitetstilskot er auka frå 100 000 til 230 000 kroner, som er ein sum som blir indeksregulert kvart år.
- Idrettslaga har 600 medlemmer etter samanslåinga av klubbar.
- Røde Kors fyller 100 år i 2026, og idrettslaget markerte sitt 100-årsjubileum i 2020.
- Barnas Røde Kors (BARK) og RØFF (Røde Kors Friluftsliv) har til sammen rundt 300 betalande medlemmer, mot tidlegare 1 000 medlemmer.

OBSERVASJON

Frivilligsentralen har store lokale som kan brukast til mange ulike aktivitetar. Vi fekk sjå eit utlånslager som vi erfarer som stort i høve til kommunens størrelse.





3.5 KOMMUNEN SI EIGENVURDERING

Vi har gjennomført ei rekke intervju. Desse fekk anledning til å uttale seg om kva kommunen har lukkas med, og kva dei kan bli betre på. Ei oppsummering av dei tilbakemeldingar vi fekk frå intervjuet følger nedanfor.

DETTE HAR VI LUKKAST MED

- Ung meistring har vært en suksess, med dedikerte og dyktige tilsette i prosjektet og i ungdomsteamet i NAV.
- Vi har vært flinke på å bryte ned siloar/einingar og jobbe sammen, samarbeid mellom einingar og teneste. Dette har gitt god oversikt.
- Vi er rask til å sette i gang tiltak ved nyoppståtte behov eller endringar i behov.
- Kommunens heimeside fekk eit løft i samband med koronaen og har blitt en betre «dør inn til tenestene»

VIDEREUTVIKLING OG FORBETRINGS PUNKT

Vi har fått slike innspel i intervju på områder i arbeidet med fattigdom som bør vektleggast framover og kor kommunen kan bli betre:

Ung meistring og arbeid med barn og unge

- Fortsett arbeidet med å komme tidleg inn og bli enda betre på råd og rettleiing.
- Det er ønskje om å vidareutvikle og styrke *Ung meistring*, med fokus på livsmeistring, robuste familiarer og unge vaksne.
- Auka satsing på førebyggjande arbeid retta mot familiarer og barn for å redusere sosial ulikskap og styrke psykisk helse.
- Det er viktig å etablere fleire *gruppetilbod*, blant anna innan økonomisk rettleiing og arbeidstrening, for å utnytte kommunale ressursar betre og gi ungdom og vaksne eit betre utgangspunkt for meistring og sjølvstende.
- Det er ikkje etablert rutinar for å kartleggje eller følgje opp fattigdom direkte med ungdom, og det er eit uttalt ønskje om å gjere dette mindre tabubelagt. (Dette er og avhengig av samtykke frå ungdommene som er over 18 år. Kommentar i faktasjekk)

Oppfølging av flyktninger

- Det må sikrast nødvendige ressursar for vidare oppfølging av flyktningar, spesielt i den krevjande første fasen etter ankomst.
- Samhandling mellom tenestene og tidleg innsats er avgjerande for å fremje integrering og motverke utanforskap.

NAV og sosiale tenester

- NAV kontoret melder om kapasitetsutfordringar som følge av bemanningsituasjonen, permisjonar og høg turnover.
- Det er behov for tydelegare prioriteringar og strategiar, spesielt med tanke på avgrensa ressursar og auka etterspørsel etter tenester.
- NAV ønskjer å styrke den tidlege innsatsen i sjukefråværsløp, med tettare oppfølging allereie etter åtte veker, for å hindre langvarig fråvær og utanforskap.
- Auka fokus på råd og rettleiing heller enn passive stønadsordningar, for å styrke innbyggjarane sin evne til sjølvhjelp og meistring.

Økonomi og sosial berekraft

- Det er uttrykt bekymring for at små kutt i førebyggjande arbeid får store langsiktige konsekvensar, og at slike avgjerder ofte blir fatta utan tilstrekkeleg vurdering av konsekvensane.
- Mange vaksne har behov for opplæring i økonomi og hjelp til å få oversikt over eigen økonomisk situasjon.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide sjekklister eller registreringspunkt for økonomiske forhold, samt styrke informasjonen om økonomisk rettleiing.

- Forventning til kva innbyggjarane må klare sjølv, må synleggjerast betre. Viktig å avstemme folk sine forventningar og bidra til auka bevisstheit rundt personleg økonomi.
- Vi må hjelpe folk å bli sjølvhjulpen. Det betyr at vi må gi meir råd og rettleiing og «dytte» meir ansvar tilbake på innbyggjarane.
- Vi kan bli betre på samhandlingsverktøy og bruk av digitale verktøy.
- Kl kan hjelpe oss i prosesser og rutinar

Tverrfagleg samarbeid og folkehelse

- Sula kommune har hatt suksess med tverrfagleg samarbeid, men det er behov for kontinuerleg innsats for å møte utfordringar knytt til levekår, fattigdom og utanforskap.
- Det er ønskje om betre utnytting av *folkehelseoversikten*, men avgrensa stillingsressurs gir mindre kapasitet enn ønskjeleg.
- Auka samarbeid med andre kommunar blir løfta fram som eit viktig grep for å dele på ressursar og tiltak.

3.6 VÅR VURDERING

Sikrar Sula kommune at unge vaksne eller barn- og unge i låginntektsfamiliar får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

Vi vurderer at revisjonskriteria under denne problemstillinga er delvis oppfylt.

God forankring av arbeidet både administrativt og politisk er framheva som viktige faktorar for å lukkast i arbeidet med fattigdom. Sula kommune har vedtatt mål som indirekte handlar om tiltak i arbeid med fattigdom. Vår vurdering er at det i mindre grad er vedtatt konkrete tiltak i arbeidet mot fattigdom. Sjølv om tiltak i mindre grad er omhandla i planar er det sett i verk en rekke tiltak.

Vår vurdering er att kommunen og frivilligheita saman jobbar godt med mange kommunale mål. Sjølv om det gjerast mykje bra er det viktig å legge merke til bekymringa for dei unge som er over i vidaregåande skole, og at det her etter vår vurdering bør følgjast opp med tiltak for å nå denne gruppa ungdom.

Vår vurdering er at forventningsavklaring på kva innbyggjarane må klare sjølv og kva kommunen kan bidra med må synleggjerast betre. Kommunen bør sette i verk tiltak som hjelper folk å bli sjølvhjelpen, å gje meir råd og rettleiing.

Det kan vere stigmatiserande å be om økonomisk rettleiing. Vår vurdering er at kommunen i større grad kan tilby opplæring i personleg økonomi og økonomisk rettleiing og gjere denne tenesta meir kjent blant innbyggjarane. Personleg økonomi er tema i fag i grunnskolen, men unge vaksne melder til kommunalt tilsette at den kan vere betre vektlagt.

Vår vurdering er at kommunen gjer mykje bra for å sikre inkludering, men manglar rutinar som fortel tilsette til dømes i barnehage og skole korleis og når dei skal følgje med om barn har utfordringar på grunn av fattigdom.

Tilråding problemstilling 2 - Tiltak og verknad

Vi tilrår at Sula kommune vurderer:

- Prioritere råd og rettleiing i større grad slik at innbyggjarar vert sjølvhjelpne
- Synleggjere og avklare innbyggjarane sine forventningar til kommunale tenester, inklusiv kva sosialstønaden skal dekke.
- Tiltak for å fange opp unge over 18 år som fell utanfor skole og/eller arbeid
- Målrette arbeidet mot fattigdom
- Følgje opp og evaluere dei tiltak som er iverksett mot fattigdom

4 PROBLEMSTILLING 3 – SAMHANDLING/SAMARBEID

Har Sula kommune heilskaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom?

4.1 REVISJONSKRITERIER

Utleia revisjonskriterier:

- Sula kommune bør ha god samhandling mellom tenestene
- Sula kommune bør sikre samordning av tiltak retta mot familiar med låg inntekt (Sosialtenestelova, barnevernlova)
- Sula kommune samarbeider med frivillige lag og organisasjonar og skaper arena for samhandling (Samfunnsplan)

4.2 FUNN

SAMHANDLING MELLOM KOMMUNALE TENESTER

Årleg utarbeidar kommunedirektøren sitt leiarteam eit forventningsbrev. Brevet er eit ledd i det heilskaplege styringssystemet for Sula kommune, og har som føremål å sikre lagspel mot Sula kommune sine overordna mål.

Som nemnt går det føre seg ei omorganisering innan kulturfeltet. Kulturavdelinga er oppløyst, og organiseringa er skildra tidlegare i rapporten. Det blir peikt på i intervju av fleire at dei er bekymra for at mykje av det gode arbeidet kan bli sårbart viss det blir for personavhengig.

Frivilligsamarbeid og prosjektarbeid krev koordinering og struktur for å fungere over tid. Det er ei fare for at frivilligheten kan glippe hvis en bare får det som en tilleggsoppgave.

Kommunen er avhengig at det kommer prosjektmidler for at de positive tiltakene skal rulle og gå, som for eksempel «ung mestring».

Tiltakseining for barn og unge (TBU) består av fagområda; helsestasjon, barnevern og PPT. Eininga er sterkt preget av tverrsektorielt arbeid og samhandling på tvers av tenestene. Eininga er delaktig i utvikling og drift av BTI (Betre tverrfagleg innsats).

BTI-modellen er ein handlingsrettleiar som skal sikre at tilsette i kommunen skal handle ved uro for gravide, barn, unge og familiar. Dette skal sikre at ulike aktørar fangar opp utfordringar tidleg, sikrar tidleg kartlegging av barnets stemme, samarbeid med føresette og målretta innsats. Både barnevern, PPT og helsestasjonen har fast trefftid i skolane.

Helsestasjon har samarbeidsavtaler med skolane og TBU leiarteam⁶ har årleg samarbeidsmøte med leiarteam ved kvar skole.

⁶ TBU: Eingsleiar, leiar barnevern, leiar PPT og leiar helsestasjon

Det er etablert samarbeid mellom skole og barnevern. Det arbeidast med rutinar for samtykke ved oppfølging av enkeltelevar.

NAV opplyser at samarbeidet med psykisk helse, rus, barnevernet og frivillige organisasjoner er godt etablert, og at dei deltar i tverrfaglege samhandlingsfora initiert ut frå BTI, der «stafettlogg» nyttast som verktøy. Det opplysast også om tett samarbeid mellom NAV og Flyktningstenesta rundt integrering og helseoppfølging av flyktningar.

NAV har hatt fokus på å jobbe tett med ungdom gjennom egne ungdomsrettleiarar og prosjekt som "Ung meistring". Tidleg innsats, spesielt i overgangane mellom skole og arbeid, er prioritert. Eksemplar på tiltak inkluderer samarbeid med vidaregåande skoler, ressursteam og Solstrand-prosjektet for ungdom som trenger alternativ undervisning. NAV opplever at tett samarbeid med skole, næringsliv og foreldre har vært avgjerande for å lukkast.

Kulturfeltet er ikkje en del av BTI-stafettloggen, men de viser videre til helse og skole ved behov. Under faktasjekkmøte blir revisjonen gjort merksam på at tilsette som ikkje har tilgang til stafettloggen blir tildelt dette ved behov. Utekontakt deltar i mange samarbeidsforum og kan formidle til mange som arbeider med barn og unge. Med anna møtest utekontakt og leiar for ung meistring ein dag i veka i samband med fritidsklubben.

Kommunens ute-kontaktar har kontorplass på rådhuset og deltar i fleire arbeids- og samarbeidsgrupper. De er en del av kommunens SLT-team (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsforebyggande Tiltak). Det opplysast også om tett dialog med skolane.

I Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar – Sula kommune – Sula – BTI er det oversikt over kommunale tiltak på ulike nivå. Sjølv om desse tiltaka ikkje direkte handlar om bekjemping av fattigdom er tiltaka med på å førebygge og motvirke at fattigdom blir vidareført i generasjonar.

Kompetansekartlegging

Rapport frå «Kompetansekartlegging for betre tverrfagleg innsats og samarbeid» i Sula kommune 2024, gjennomført i 2023, viser resultatet frå spørjeundersøkinga som 342 av 444 tilsette i kommunen har svart på. BTI undersøkinga er meint som ein «temperaturmålar» på kommunens arbeid med tidleg innsats. Undersøkelsen er meint å gje svar på tre spørsmål om samarbeid:

Hvordan handler og samarbeider vi om barn som bekymrer?

Hva har vi lite eller mye kompetanse på?

Hva bør kommunen satse på fremover?

På spørsmål om «Vet du hvilke andre tjenester du kan ta kontakt med hvis det er behov for rettleiing/bistand, når barn lever i familier med økonomisk levekårsutfordringar» har

- 46% svart ja,
- 45% nei og
- 9% er usikker.

Det opplyses at de som svarte «ikke relevant i min stilling» ble tatt ut før prosentberegnning.

Hvordan opplever du samarbeidet mellom din arbeidsplass og følgende tjenester ved bekymring for barn?

- 86 prosent har svart at «godt» på samarbeidet med PPT
- mellom 71 og 77 prosent har svart «godt» på samarbeid med barnehage, Barneskole/SFO, ungdomsskole og helsestasjon/skolehelsetjenesten
- 55 prosent opplever samarbeidet som «godt» med barnevernstjenesten

Under faktasjekk får revisjonen opplyst at svarene fra 2023 er bearbeidd, der einingane har fått i oppgåve å finne tiltak som sikrar betre oppfølging. Det er ikkje gjort nye målingar om dei tilsette har forbetra resultat i 2025, men dette er aktuelt å sjå på.

SAMARBEID MED ANDRE

NAV opplyser om samarbeid med frivilligsentralen og lokale idrettslag er en viktig del av oppfølgingen av barn og ungdom, særleg for å inkludere dei i fritidsaktiviteter. NAV Sula opplever å ha et gode samarbeidet med lokalt næringsliv. Dette gir muligheter for tett dialog om inkludering og arbeidstrening, og gir fleksibilitet fordi NAV Sula, som et lite kontor, kan vere tett på lokalsamfunnet.

4.3 VÅR VURDERING

Vi har vurdert om Sula kommune har heilsakaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom. Vår vurdering er at revisjonskriteria er oppfylt, men det er nokre forbetringspunkt.

Vår vurdering er at Sula kommune har eit godt tverrfagleg samarbeid mellom dei kommunale einingane, som indirekte bidreg til å førebygge og redusere fattigdom, særleg for barn og unge, men at samarbeidet kan verte betre. Fleire av dei vi har intervjuat trekk frem moglegheit til forbetring i det tverrfaglege samarbeidet.

Når halvparten av tilsette ikkje veit kven dei skal ta kontakt med om dei «oppdagar at det er behov for rettleiing /bistand, når barn lever i familiar med økonomisk levekårsutfordringar», og fleire tilsette opplever at samarbeidet mellom einingane kan verte betre, kan dette vere ein indikator på at det tverrfaglege samarbeidet i kommunen kan vidareutviklast og bli betre, eventuelt oppfriskast.

Frivilligheita er viktig for Sula samfunnet og er viktig for å hindre utanforskap, og sikre inkludering. Når kommunen ikkje lenger har kulturleiar, som tidlegare har hatt ei koordinerande rolle mot frivilligheita, er det viktig at kulturleiar sine oppgåver mot frivilligheita vert delegert og fortsett ivaretatt.

Tilråding problemstilling 3 -Samhandling/samarbeid

- Vidareutvikle allereie etablert samarbeid og ha fokus på kompetansedeling.

5 KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

KONKLUSJON

Problemstilling 1: Har Sula kommune kunnskap om innbyggjarane levekår?

Sula kommune utarbeider den lovpålagte oversikten over helsetilstanden i kommune, med vurdering av årsak og konsekvens de ulike utfordringane medfører.

God forankring av arbeidet både administrativt og politisk er framheva som viktige faktorar for å lukkast i arbeidet med fattigdom. I den «nye» samfunnsplana er eit av fem hovudmål:

Samfunnsmål 1: Barn og unge i Sula kommune skal ha gode oppvekstvilkår.

I tillegg til samfunnsmål i samfunnsplana har kommunen en rekke tema-planar. Vår vurdering er at kommunen i liten grad bruker informasjonen som er tilgjengeleg til å iverksette målretta tiltak mot fattigdom. Sjølv om mål og tiltak i planer i liten grad er direkte retta mot fattigdom, er mange av måla og tiltaka indirekte retta mot arbeidet med fattigdom. Vi oppfordrar kommunen til å vurdere om meir målretta arbeid med fattigdom kan ha ein effekt, og at dei tiltak som er iverksett blir følgt opp og evaluert i høve til fattigdom.

Sula kommune har ikkje sjekklisten eller registreringspunkt for økonomiske forhold ved den ordinære tenesteytinga. Vår vurdering er at kommunen i større grad kan ha rutinar for handtering av slike teikn.

Problemstilling 2: Sikrar Sula kommune at unge vaksne eller barn- og unge i familiar med låg inntekt får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?

God forankring av arbeidet både administrativt og politisk er framheva som viktige faktorar for å lukkast i arbeidet med fattigdom. Sula kommune har vedtatt mål som indirekte handlar om tiltak i arbeid med fattigdom. Vår vurdering er at det i mindre grad er vedtatt konkrete tiltak i arbeidet med dei ulike måla. Sjølv om tiltak i mindre grad er omhandla i planar er det sett i verk en rekke tiltak.

Vår vurdering er att kommunen og frivilligheita saman jobbar godt med mange kommunale mål. Sjølv om det gjerast mykje bra er det viktig å legge merke til bekymringa for dei unge som er over i vidaregåande skole, og at det her etter vår vurdering bør følgjast opp med tiltak for å nå denne gruppa ungdom.

Vår vurdering er at forventningsavklaring på kva innbyggjarane må klare sjølv og kva kommunen skal bidra med må synleggjera betre. Kommunen bør sette i verk tiltak som hjelper folk å bli sjølvhjelpen, å gje meir råd og rettleiing.

Det kan vere stigmatiserande å be om økonomisk rettleiing. Vår vurdering er at kommunen i større grad kan tilby opplæring i personleg økonomi og økonomisk rettleiing og gjere denne tenesta meir kjent blant innbyggjarane. Personleg økonomi er tema i fag i grunnskolen, men unge vaksne melder til kommunalt tilsette at den kan vere betre vektlagt.

Problemstilling 3: Har Sula kommune heilsakaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom?

Vår vurdering er at Sula kommune har eit godt tverrfagleg samarbeid mellom dei kommunale einingane, som indirekte bidrar til å førebygge og reduserer fattigdom, særleg for barn og unge, men at samarbeidet kan verte betre. Fleire av dei vi har intervjua trekk frem moglegheit til forbetring i det tverrfaglege samarbeidet.

Når halvparten av tilsette ikkje veit kven dei skal ta kontakt med om dei «oppdager at det er behov for rettleiing /bistand, når barn lever i familiar med økonomisk levekårsutfordringar», og fleire tilsette opplever at samarbeidet mellom einingane kan verte betre, kan det tyde på at det tverrfaglege samarbeidet i kommunen kan vidareutviklast og bli betre, eventuelt at det bør oppfriskast.

Frivilligheita er viktig for Sula samfunnet og er viktig for å hindre utanforskap, og sikre inkludering. Når kommunen ikkje lenger har kulturleiar, som tidlegare har hatt en koordinerande rolle mot frivilligheita, er det viktig at kulturleiar sine oppgåver mot frivilligheita vert delegert og fortsett ivaretatt.

TILRÅDINGAR

Vi tilrår kommunen å vurdere om følgende tiltak kan ha en effekt i arbeidet med fattigdom:

- Eit meir målretta arbeid med fattigdom,
- at dei tiltak som er iverksett blir følgt opp og evaluert,
- vurdere om sjekklisten eller registreringspunkt for økonomiske forhold ved den ordinære tenesteytinga kan vere eit nyttig tiltak for tidleg innsats,
- prioritere råd og rettleiing i større grad slik at innbyggjarar i større grad vert sjølvhjelpe,
- synleggjere og avklare innbyggjarane sine forventningar til kommunale tenester, inklusiv kva sosialstønaden skal dekke.
- Å sette i verk tiltak for å fange opp unge over 18 år som fell utanfor skole og/eller arbeid,
- vidareutvikle allereie etablert samarbeid og ha fokus på kompetansedeling, og

6 FAKTASJEKK OG HØYRING

Faktasjekk

Ein rapport med faktagrunnlaget vart sendt for gjennomsyn i e-post av 23.04.2025. Det ble gjennomført faktasjekkmøte med kommunedirektør, kommunalsjefar og kontaktperson for revisjonsprosjektet 08.05.2025. Med bakgrunn i dette møtet ble en del faktafeil retta opp, og en del tilleggsinformasjon er lagt til. Ein del av dette var etterspurde fakta som ikkje førelåg ved intervju tidlegare og som var viktig informasjon å ha med i rapporten.

Høring

Det var og bedt om å få høyringsuttale frå kommunedirektør til same møte. Revisor fikk svar per e-post 08.05.2025 frå kommunedirektøren med ei høyringsuttale som er vedlagt i vedlegg 1, høyringssvar.

7 REFERANSELISTE

Arbeids- og velferdsdirektoratet. (2024). *Forventningsbrev: Nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenestene i arbeids- og velferdsforvaltningen i 2024.*

Arbeids- og velferdsdirektoratet. (2024). *Nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenestene i arbeids- og velferdsforvaltningen i 2024.*

Bergan, M. A. (2017). *Fiskebiologiske undersøkelser i Balsnesvassdraget på Ørland i 2017: Ungfisktelling og problemkartlegging knyttet til fiskeforsterkende tiltak og sjøørret* (NINA Rapport 1392). <http://hdl.handle.net/11250/2485755>

Bufdir. (u.å.). *Fattigdom – veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier.* [Fattigdom – veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier | Bufdir](#)

Folketrygdloven. (1997). *Lov om folketrygd (LOV-1997-02-28-19).* Lovdata. www.lovdata.no

Helsedirektoratet. (u.å.). *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier.* [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet](#)

Helsedirektoratet. (u.å.). *Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge.* [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

Justis- og beredskapsdepartementet. (2016). *Utlevering av opplysninger fra asylmottak til politiet (Nr. GI10/2016)* [Rundskriv]. Regjeringen. [GI-10/2016 – Utlevering av opplysninger fra asylmottak til politiet - regjeringen.no](#)

KS. (2025). *Debathefte 2025.*

<https://www.ks.no/contentassets/1a629b76480e4f99bee0df17fbb0cc97/KS-Debathefte-2025.pdf>

NAV Sula. (2024). *Virksomhetsplan 2024–2025.*

Psykisk helsevernforskriften. (2011). *Forskrift om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern m.m. (FOR-2011-12-16-1258).* Lovdata. <https://lovdata.no/forskrift/2011-12-16-1258>

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. (2025). *Kommunebrevet 2025: Nasjonale forventningar til kommunane.*

Ukjend forfattar. (2025). *Oppdragsbrev 2025 til enhetene i Nav Møre og Romsdal: Mars 2025 – mars 2026.* Til ledere i Nav Møre og Romsdal frå Direktør i Nav Møre og Romsdal.

VEDLEGG 1: HØYRING

Terje Gundersen-Røvik

Fra: Bente Glomset Vikhagen <Bente.Glomset.Vikhagen@sula.kommune.no>
Sendt: torsdag 8. mai 2025 17:02
Til: Terje Gundersen-Røvik
Emne: Uttale frå kommunedirektør i Sula

Uttale frå kommunedirektøren til forvaltningsrapport om barnefattigdom

Kommunedirektøren takkar forvaltningsrevisjonen for ei grundig og nyttig gjennomgang av Sula kommune sitt arbeid med å førebyggje og motverke fattigdom blant barn, unge og unge vaksne. Temaet er høgst aktuelt og viktig, og rapporten gir eit godt grunnlag for vidare utvikling og forbetring av tenestene våre.

Vi set pris på dei tydelege tilbakemeldingane knytt til kunnskapsgrunnlaget, planarbeidet og samhandlinga i kommunen. Det er særleg positivt at revisjonen peikar på fleire område der kommunen allereie har relevante tiltak og strukturar på plass. Samtidig anerkjenner vi at det finst forbettingspotensial, mellom anna i å systematisere og samordne innsatsen på tvers av einingar og sektorar, og i å styrke det kunnskapsbaserte grunnlaget for arbeidet.

Allereie i løpet av revisjonsprosessen har vi sett i gang arbeid med ytterlegare forbetring. Dette arbeidet vil halde fram, og vi vil bruke rapporten aktivt som verktøy i det vidare utviklingsarbeidet.

Takk til Møre og Romsdal Revisjon SA for eit godt samarbeid gjennom revisjonsprosessen.

VEDLEGG 2: UTLEDNING AV REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier skal utarbeidast for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt og er dei normer, krav eller standardar som verksemda i kommunen skal vurderast opp mot.

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIUM

FN SINE BÆREKRAFTMÅL

Nr. 1 Utrydde alle former for fattigdom i heile verda.

FOLKEHELSELOVA

<https://lovdata.no/nav/lov/2011-06-24-29?q=folkehelselova>

§ 1. Formål

«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder *utjerner sosiale helseforskjeller*. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter **setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet** i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et **langsiktig og systematisk folkehelsearbeid**.»

§ 4. Kommunens ansvar for folkehelsearbeid

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å *beskytte befolkningen* mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for **samarbeid med frivillig sektor**.»

§ 5. Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen

Kommunen skal ha nødvendig **oversikt over helsetilstanden** i *befolkningen* og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på:

- a. opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,

- b. kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og [omsorgstjenesteloven § 3-3](#) og
- c. *kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse.*

Oversikten skal vere skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig vere oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.»

SOSIALTJENESTELOVA

<https://lovdata.no/nav/lov/2009-12-18-131/>

§12. Informasjon og generell forebyggende virksomhet

«Kommunen skal gjøre seg kjent med innbyggernes levekår, vie spesiell oppmerksamhet til trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale problemer, og **søke å finne tiltak** som kan forebygge slike problemer.

Kommunen skal søke å legge forholdene til rette for å utvikle og styrke sosialt fellesskap og solidaritet i nærmiljøet.

Kommunen skal **spre kunnskap** om sosiale forhold og tjenester i kommunen.»

STATSFORVALTAREN SITT KOMMUNEBREV

[Kommunebrev 2025 | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#)

«Dei største utfordringane er utanforskap og einsemd, sosial ulikskap, det å bu i ein heim med vedvarande låginntekt, krevjande psykososialt skolemiljø og ufrivillig skolefråvær. Dei fleste kommunane har **mål og strategiar i planane sine** som er eigna til å møte utfordringane, og har gjort tiltak etter desse. Samstundes bygger ikkje alle tiltak på ei **oppdatert oversikt** over utfordringar, og **ikkje alle tiltak blir evaluert.**»

I brevet trekkes blant annet følgende frem som oppgaver kommunen bør prioritere:

- førebyggjande arbeid
- integreringsarbeid – bustad – språk – i arbeid
- Samarbeid for å nå mål
- Arbeide for at barn og ungdom har det bra, og klarer å gjennomføre skole og utdanning.
- Nok ressurser til folkehelsearbeid
- Tverrfagleg og samordna arbeidsmåtar
- Raud tråd på tvers av fag og sektorar, og vere forankra i kommuneleiinga.
- Hindre utanforskap

TIDLEG OPPDAGING AV UTSETTE BARN OG UNGE (HELSEDIREKTORATET)

Nasjonal fagleg retningslinje av 3. desember 2019

Tilråding: Kommunens ledelse bør sørge for at relevante virksomheter har rutiner for hvordan ansatte kan handle på bakgrunn av en bekymring for barn og unge

FATTIGDOM – VEILEDER OM ARBEID FOR BARN SOM LEVER I FATTIGE FAMILIER (BUFDIR)

[Fattigdom - veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier | Bufdir](#)

Fattigdom i barnefamilier rammer noen grupper mer enn andre. Følgende grupper trekkes frem i rettleiaren:

- Barn med enslige forsørgere
- Barn med innvandrerbakgrunn
- Barn i hushald med lav yrkestilknytning
- Barn med funksjonsnedsettelser eller kronisk sykdom
- Barn i hushald hvor hovedinntektstaker har lav utdanning
- Barn i hushald som mottar over halvparten av samlet inntekt gjennom offentlige overføringer.

Rettleiaren omhandler også konsekvenser av fattigdom og fattigdomsutfordringar. Behovet for forankring av behov i kommunal planlegging trekkes også frem i rettleiaren.

Rettleiaren trekker frem hva som kreves for å lukkast i arbeidet med fattigdom:

- Samarbeid på tvers av sektorer/virksomheter/fagfelt
- Deling av faktakunnskap
- God forankring – administrativt og politisk
- Tålmodighet – endringsarbeid tar tid
- Fordeling av ressurser

Innhaldet i rettleiaren er også omhandla nærmere i kapittel 1.5.

REGJERINGEN SIN STRATEGI FOR BARN OG UNGDOM I LAVINNTEKTSFAMILIER

[Statusdokument for videreføring av Like muligheter i oppveksten](#)

Strategien gjelder for 2020 – 2023 og legger opp til en helhetlig tilnærming for at færre skal vokse opp i fattigdom i Norge.

Strategien omhandler blant annet en styrking av den økonomiske rådgivningen i arbeids- og velferdsforvaltningen.

UTLEDA KRITERIUM

For problemstilling 1 er kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune skal ha oppdatert **innsikt** i innbyggjarane sine levekår og oppvekstforhold som inneholder faglege vurderinger av **årsaksforhold og konsekvensar** av blant anna låg inntektsproblematikk.
- Sula kommune skal bruke kunnskapen om levekår og oppvekstforhold til å iverksette **målretta tiltak**.

For problemstilling 2 er kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune bør gi **målretta tiltak** som på kort sikt reduserer dei økonomiske og sosiale konsekvensane av fattigdom for barn, unge og unge vaksne.
- Sula kommune bør ha langsiktige strategiar mot låg inntekt som del av sitt planverk.
 - Dette kan vere strategiar for å auke deltaking i utdanning og arbeidsliv blant unge vaksne
 - Dette kan vere strategiar for å sikre ein stabil bustad situasjon for unge vaksne
- Sula kommune bør ha tiltak som bidreg til at unge vaksne er sjølvstendige.

For problemstilling 3 er kommunen blir målt opp mot følgjande revisjonskriterium:

- Sula kommune bør ha god samhandling mellom tenestene
- Sula kommune bør sikre samordning av tiltak retta mot familiær med låg inntekt (Sosialtenestelova, barnevernlova)
- Sula kommune samarbeider med frivillige lag og organisasjonar og skaper arena for samhandling (Samfunnsplan)

VEDLEGG 3: KORT OM INNHALDET I KOMMUNALE TEMAPLANER

Sula kommune sin nåverande Samfunnsplan 2010 – 2020 er under revidering og vi har derfor i liten grad veklagt denne i rapporten. Tema i rapporten som tverrfagleg samarbeidsgrupper, tidleg innsats, førebyggjande innsats, samt trygge og gode oppvekstvilkår, og bruk av brukarundersøkingar som verktøy i utvikling av tenestene er tema i samfunnsplanen frå 2010 - 2020, som også i dag er aktuelle i arbeidet mot fattigdom.

I tillegg til samfunnsplanen foreligg en rekke politisk vedtatt tema planer som blant annet:

- Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023 i Sula kommune
- Kultur- og oppvekstplan 2022-2032
- Helse og omsorgsplan 2021-2024
- Bustadsosial handlingsplan 2019-2023
- Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020-2024

Alle desse planane inneholder tema og informasjon som er viktig i kommunens arbeid mot fattigdom.

Samfunnsplanen ble rullert og vedtatt 24. april.

Den nye samfunnsplana til Sula kommune gir ikkje direkte mål om å bekjempe fattigdom, men inneholder fleire punkt som indirekte støttar opp under dette arbeidet. Gjennom samfunnsmål som gode oppvekstvilkår for barn og unge, inkluderande lokalsamfunn og tilrettelegging for at innbyggjarar skal meistre kvardagen og eigen økonomi, legg planen eit klart verdimesseg og strategisk grunnlag for å motverke fattigdom. Målformuleringar om tidleg innsats, like moglegheiter, lågterskeltilbod og bustadtilpassing for vanskelegstilte, gir klare føringar for innsats som kan redusere sosiale ulikskapar i kommunen.

Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023 i Sula kommune

Målsettinga med God helse-programmet i Sula kommune er:

«Å styrke det førebyggande og helsefremmende arbeidet i kommunen, særleg mellom barn og ungdommar - der vi vil tilskunde til meir fysisk aktivitet, rett kosthald og sunne haldningar i forhold til å ta vare på si eiga helse.»

I plana står det at *folkehelsearbeid er eit tverrfagleg og tverrsektorelt arbeid, og frivillig og privat sektor er viktige samarbeidspartar.*

I handlingsplanar er det sett seks hovudmål, med lokale mål, tiltak og kven som er ansvarleg for gjennomføringa. Ein del av måla og tiltaka kan ha betydning for bekjemping av fattigdom på kort og lengre sikt.

Kultur- og oppvekstplan 2022-2032

Kultur og oppvekstplanen er eit politisk og administrativt styringsdokument som skal legge føringar for ei langsiktig kvalitetsutvikling av alle einingar i kultur- og oppvekstsektoren i Sula kommune. Planen føreset innsats frå alle einingar i kultur og oppvekst, og også frå andre fagområde. Den dannar grunnlaget og er førande for handlingsplanar og den enkelte eining sine verksemdsplanar dei neste åra.

Data bruka i planen viser at:

- Eit fleirtal av ungdommene i Sula er svært fornøgd med lokalmiljøet
- 90% kjenner seg trygge i lokalmiljøet sitt
- Færre ungdommar i Sula trur dei vil fullføre vidaregåande opplæring og ta høgare utdanning enn landsgjennomsnittet.
- Tradisjonelt er utdanningsnivået i kommunen lavt.
- Færre enn landsgjennomsnittet deltar i kultur- og/eller idrettsaktivitetar
- 11% av Sula si befolkning var innvandrarar i 2021.
- I Sula har fleire enn snittet i landet som har fullført introduksjonskurset og komet i arbeid.
- Sula er en kommune i vekst.
- Mange busette i kommunen vel å jobbe i Ålesund, særleg familiar med barn.
- Mange av kommunens innbyggjarar er barn og unge. I tillegg er arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar med å forklare auken i folketallet.

Tiltak og områder kommunen skal jobbe med i planperioden:

- Motivere ungdom til å gjennomføre vidare- og høgare utdanning
- Legge til rette for godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å skape et levande lokalsamfunn der barn og unge veks opp.
- Fortsette handlingsprogrammet MOT. Arbeid mot mobbing, utanforskap, og psykiske vanskår.
- Alle elever gjennomfører vidaregåande skole. Viktig bidrag for økonomisk bærekraft på sikt.
- Alle barn og unge skal ha like sjansar til et stabilt helsefremmande liv, utan diskriminering og utanforskap.
- Gode oppvekstforhold og ei berekraftig samfunnsutvikling føreset kvalitets messig gode tenester, prega av heilskap og samanheng.
- Leiarane i oppvekst skal ha god kunnskap om kva som har positiv effekt på barn si utvikling og læring.

Innsatsområder 2022–2032

Kultur- og oppvekstplanen bygger på, og er ei oppfølging av, kommuneplanen sin samfunnsdel. Planen sine mål og strategiar er utarbeidd i tråd med rammeverket som gjeld for kultur- og oppvekstsektoren, og dei behova sektoren ser i åra framover. **For at det tverrfaglege tenestibilbodet skal bli godt, må fleire nivå av kommunen sin innsats koordinerast.**

Kultur- og oppvekstområdet omfattar ei rekke tenester og fagområde som er retta inn mot barn og unge. Gjennom læringsreisa blir det lagt til rette for barna sine moglegheiter for læring og utvikling. Planen har følgande mål, som blir utdjupa på de neste sidene. Vi har gjennom samskaping definert fem målområde for planperioden;

1. Barn og unge skal ha ein oppvekst som fremjar helse og inokulering, og reduserer sosial ulikskap, og dei skal motiverast til videre utdanning.

2. Barn, unge og familiar som treng det skal få **tidleg oppfølging og koordinerte tenester.**
3. Medbestemming og medverknad.
4. Føresette gir barn og unge ein trygg og god oppvekst.
5. Alle har kompetanse og ferdigheter til å møte krav i framtida. Delmåla er i planen synliggjort som «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det»

Kvart av dei 5 måla blir i plana vidare behandla med «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det»

Helse og omsorgsplan 2021-2025

Visjon og mål for helse- og omsorgstenestene i Sula Visjonen:

Meistring og tryggleik for alle

Vi bidrar til dette ved å

- gje tilpassa tenester ved behov, med **fokus på førebygging**, rehabilitering, **hjelp til sjølvhjelp** og mobilisering av brukaren sine ressursar. Hjelp og omsorg skal ytast med respekt for den einskilde sin integritet og menneskeverd, og den som tek imot hjelpa skal vere aktivt med i tilrettelegging, utforming og gjennomføring av tenestetilbodet.
- utvikle **tenestetilbodet til å vere heilskapleg og samordna**, effektivt og fleksibelt. Tenestetilbodet skal utformast etter BEON-prinsippet (beste effektive omsorgsnivå). Innbyggjarane skal oppleve tryggleik, føreseieleg heit og kontinuitet i møte med tenesteapparatet.
- ha tilstrekkeleg og kvalifisert personell til å kunne yte tenester med ein kvalitet som minst fyller gjeldande krav og standard til utøving av tenesta.
- legge til rette for sunn livsførsel hjå fysisk og sosialt aktive innbyggjarar som ser verdien i å ta ansvar for eiga helse - kvar og ein sin eigen "helseminister". Stimulere til å planlegge eigen alderdom.
- legge **folkehelse** og samfunnsmedisinsk perspektiv til grunn i all planlegging.
- søkje **samarbeid** med brukarar, pårørande og frivillige om betre og meir berekraftig helse og omsorg i Sula kommune.
- satse på teneste innovasjon og velferdsteknologi for å skape berekraftige tenester for framtida.

Gode helse og omsorgstenester, i kombinasjon med satsing på førebygging, tilrettelegging og folkehelse, vil kunne hjelpe oss til å nå måla som er formulert gjennom FN sine berekraftsmål.

Handlingsplanen omhandlar kva kommunen vil gjere i arbeidet for å nå måla og korleis? Det er i planen utarbeida strategiar og tiltak i arbeidet mot dei ulike måla.

I denne revisjonen har vi valt tema som er mest aktuelle for valt tema, fattigdom; førebygging og folkehelse.

Førebygging og folkehelse

Strategiane

«Vi vil møte utfordringane knytt til førebygging og folkehelse med følgjande strategiar:

- Vi vil dreie prioriteringane av ressursar enda meir i retning av førebygging og folkehelsearbeid.
- Skaffe oss oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Sula.
- Vi vil arbeide for å styrke den universelle innsatsen på arenaer der alle innbyggjarane (uavhengig av etnisitet, økonomi og bakgrunn) er, til dømes på helsestasjonen, i barnehagen og skolen - og på fritidsarenaer elles i lokalsamfunnet.
- Vi vil sette inn kunnskapsbaserte tiltak raskt ved bekymring, og tilstrebe rett tiltak til rett tid.
- Det må vere ein raud tråd i det arbeidet vi gjer for innbyggjarane i Sula gjennom heile livsløpet. God samhandling for heilsapelege og gode tenester til det beste for innbyggjarane våre. Det må vidareutviklast gode, avklarte grensesnitt i samarbeidet mellom helse- og sosialtenestene og oppvekst og kultursektoren.
- Alle einingar og sektorar i Sula må gjerast medvitne om at dei er ein viktig del av arbeidet med førebygging, folkehelse og det å skape eit aldersvennleg lokalsamfunn – helse i alt vi gjer.
- Gjere folk meir ansvarleg for eiga helse og livsmeistring – kvar sin eigen «helseminister». Kommunen skal legge til rette for at folk kan gjere gode helseval og planlegge for endra livssituasjonar, t.d.. planlegge for eigen alderdom.
- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar og andre samfunnssektorar om å skape eit meir helsefremjande og aldersvennleg lokalsamfunn.

Tiltaka

Tiltak i planperioden:

- Oppdatere oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Spesielt: Sula har sidan 1999 systematisk undersøkt ungdom og vaksne sine helse- og livsvilkår i kommunen, og vi vil fortsette dette gjennom bruk av spørjeundersøkingsverktøya i Ungdata og kartlegge den generelle folkehelsa gjennom folkehelseundersøkinga.
- Legge til rette for fysisk aktivitet i alle aldrar; t.d.. den gyldne spaserstokk, idrettsanlegg, turstigar, mv.
- Drive aktiv fallførebygging, t.d.. gjennom trimgrupper.
- Gjere oss nytte av psykologstillingar i det førebyggande arbeidet i kommunen og sjå på kompetanse innan psykisk helse under eitt, for å sikre tilbod til både born, unge og vaksne, med tidleg og rett innsats som fokus. Vidareføre arbeidet med BTI (betre tverrfagleg innsats).
- Førebyggande tiltak til eldre: Oppsøkande verksemd til 80-åringar – hjelpemiddel og tilrettelegging i heimen for å førebygge skadar og hjelpebehov.
- Bruke nettverket og kompetansemiljøet Aldersvennlege lokalsamfunn og deltaking i prosjektet «mobilisering av seniorressursen» til å utforske ny metodikk for å gjere Sula til eit meir aldersvennleg lokalsamfunn (Sula er plukka ut).
- Krav om folkehelse og meistringstenking i den enkelte sektor og i alt planarbeid – «helse i plan».

- Ha universell utforming og tilrettelegging som perspektiv i alt vi gjer.
- Utfordre ulike samfunnssektorar til innsats, som til vanleg ikkje ser seg sjølv som ein del av arbeidet med å skape god folkehelse og eit aldersvennleg samfunn.»

Bustadsosial handlingsplan 2019-2023

Overordna mål i norsk bustadpolitikk er at alle skal bu trygt og godt. Likevel har enkelte innbyggjarar store vanskar med å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Bustadsosial handlingsplan skal ha fokus på denne gruppa, og legge til rette for at bustadpolitikken vert føreseieleg, med minst mulig bruk naudløysingar og mellombelsete alternativ.

Kven er vanskelegstilte på bustadmarkedet?

Det er personer og familier som ikkje har mulighet til å skaffe seg og/eller opprettholde et tilfredsstillende boforhold på egen hånd. Disse befinner seg i en eller fleire av følgende situasjoner:

- Er utan egen bustad
- Står i fare for å miste bustaden sin
- Bor i uegnet bustad eller bomiljø

kjelde: Bustad for velferd – Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020.

Ei administrativ gruppe av representantar frå service- og støttestabstenesta, NAV sosial og PBD v/plan og eigedomsavdelinga, har ansvaret for å rullere og følgje opp bustadsosial handlingsplan. Rådmannen si leiargruppe er styringsgruppe.

Planen skal rullerast kvart 4. år. **Tiltaksdelen skal gjennomgåast kvart år** i samband med budsjett- og økonomiplanbehandlinga. Ansvaret for gjennomgangen, og at nye behov meldast inn som del av budsjettarbeidet, ligg til rådmannen.

«*Dei vanskelegstilte i bustadmarknaden finn vi i alderskategoriane 20-39 år»*

Husbanken og kommunen forvaltar ei rekke bustadpolitiske verkemiddel, som til dømes:


- Grunnlån
- Startlån
- Bustadtildskott
- Tilskot til kommunale utleigebustader
- Bustønad
- Tilskott til prosjektering
- Økonomisk råd/rettleiing/gjeldsrettleiing v/NAV-sosial

Naudhusvære

NAV-sosial har ansvaret for å tilby mellombels husvære til personar som er utan bustad. Dette er heimla i Lov om sosiale tjenester i NAV. For den som har eit akutt bustadbehov – altså står på gata - har kommunen 2 naudhusvære til rådvelde. (to hyblar med felles kjøkken og bad) I handlingsplanen «Bustad for velferd» har regjeringa uttrykt 15 målsettingar. Mellom anna er det

sagt at ingen skal bu i mellombels husvære i meir enn 3 månader, og at ingen unge eller barnefamiliar skal opphalde seg i mellombelse husvære i det heile. Sula kommune er innforstått med dette, og naudhusværet blir nytta i tråd med regjeringa sin målsetting. Kommunen har pr dato ingen husvære ståande tomme, i fall det skulle oppstå ein situasjon med foreldre/barn som er huslause. Her må det i så fall gjerast vurderingar i kvart enkelt tilfelle frå NAV sin side.

VEDLEGG 4: SULA KOMMUNE – ADMINISTRATIV ORGANISERING



Kjelde: Kommunen si heimeside

Kommunens organisering av kultur og oppveksteininga

Tiltakseining for barn og unge (TBU)

- Helsestasjon
- Barnevernet
- Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Kultureininga

- Bibliotek
- Musikk- og kulturskole
- Utekontakt/fritidsklubb.

VEDLEGG 5: FOLKEHELSA I SULA KOMMUNE 2024⁷

Hovudtrekk i befolkningssamansetninga:

- Det er forventa ein vekst i folketalet i Sula framover mot 2050
- Det blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder
- Det er ei **auke i tal på aleinebuande** og par utan heimebuande barn
- 12,6 prosent av befolkninga har **innvandrarbakgrunn**. I hovudsak er det arbeid som er den største innvandringsgrunnen.

Hovudtrekk i oppvekst- og levekårsforhold:


- Tal på personar og barn som lever i vedvarande **låginntektsfamiliar** ligg noko lågare enn fylket og landet.
- **Auke i mottakarar av uføreytelsar** i alderen 18-44 år.
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser at elevane får god støtte frå lærarar, men også heimanfrå.
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser at trivselen er høg, men har gått noko ned dei siste åra. Redusert er også motivasjon og meistring
- Resultat frå elevundersøkinga og ungdata viser at det er høg grad av mobbing, også digital mobbing, i Sula. Vi ligg godt over landssnittet.
- 16,5 prosent av innbyggjarar som er i yrkesaktiv alder **står utanfor arbeidslivet**.

Dette sier Kultur- og oppvekstplan 2022-2032 om barn og unge:

- Eit fleirtal av ungdommane i Sula er svært fornøgd med lokalmiljøet, og 90% kjenner seg trygge i lokalmiljøet sitt.
- Færre ungdommar i Sula trur dei vil fullføre vidaregåande opplæring og ta høgare utdanning enn landsgjennomsnittet.
- Tradisjonelt er utdanningsnivået i kommunen lavt.
- Færre enn landsgjennomsnittet deltar i kultur- og/eller idrettsaktivitetar
- 11% av Sula si befolkning var innvandrarar i 2021.
- I Sula har fleire enn snittet i landet fullført introduksjonskurset og er i arbeid.
- Mange av kommunens innbyggjarar er barn og unge, i tillegg er arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar med å forklare auken i folketalet.

⁷ Informasjon hentet fra «Folkehelsa i Sula kommune 2024» og «Kultur- og oppvekstplan 2022-2032»

VEDLEGG 6: ENDRINGAR AV OPPGÅVER FRÅ KULTURLEIAR





MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.